

Læringsutbytte

En student som har fullført programmet, forventes å ha oppnådd følgende læringsutbytte, definert i kunnskap, ferdigheter og generell kompetanse:

Kunnskap

Kandidaten har:

- avansert kunnskap om det tverrfaglige kjønnsforskningsfeltets sentrale teorier, debatter og kontroverser
- spesialisert innsikt i så vel historiske som samtidige endringsprosesser knyttet til likestilling og mangfold i det norske samfunnet, i lys av internasjonale og globale kontekster
- kunnskap på høyt nivå om hvordan kjønn som sosial og symbolsk kategori kan virke sammen med andre sosiale og symbolske kategorier og fenomener.

Ferdigheter

Kandidaten kan:

- identifisere og arbeide selvstendig med praktiske og teoretiske problemer knyttet til likestilling og mangfold i konkrete samfunnsmessige sammenhenger
- vurdere og benytte relevante metoder og teorier for analyse av kjønn og eventuelt andre sosiale kategorier i spesifikke empiriske problemstillinger
- analysere og forholde seg kritisk til problemstillinger knyttet til forståelser av kjønn, likestilling og mangfold på ulike samfunnsarenaer og derigjennom se og anvende flere tilnæringsmåter

Samandrag

Denne oppgåva er ein tematisk analyse av korleis papirlause migrantar, frivillige organisasjonar og byråkrati ser på og opplever situasjonen til den fyrstnemnde gruppa i Noreg. Analysen inneberer hovudsakleg erfaringane til dei papirlause migrantane, men og korleis frivillige ideelle organisasjonar og offentlege instansar jobbar for å handsame denne gruppa. Forskinga er basert på intervju med tre papirlause migrantar, to tilsette i frivillige organisasjonar og to tilsette frå statlege instansar som jobbar med problemstillingar kring dette emnet.

Det er estimert å bu kring 18 000 personar som er papirlause i Noreg, seier ein rapport laga av SSB (Zhang, 2008). Norsk organisasjon for asylsøkarar (NOAS) si vurdering frå 2015 er at mellom 3000 og 5000 som har budd i Noreg meir enn fem år (NOAS, 2015, 26.mars). Papirlause migrantar er altså ei gruppe menneske som det er umogleg å ha ei presis oversikt over i Noreg. Migrantane møter på betydelege utfordringar i kvardagen i Noreg. Dei har avgrensa tilgang til både sosiale tenester, helsehjelp og andre offentlege tenester. Dette gjer situasjonen til papirlause migrantar svært spesiell. Det krever politisk og samfunnsmessig merksemd for å kome fram til løysingar. I denne oppgåva vil eg gi stemme til nokre av dei papirlause migrantane som bur i Noreg.

Abstract

This assignment is a thematic analysis of how undocumented migrants, voluntary organizations and bureaucracy view and experience the situation of the first mentioned group in Norway. The analysis mainly involves the experiences of the undocumented migrants, but also how voluntary non-profit organizations and public bodies work to handle this group. The research is based on interviews with three undocumented migrants, staff from voluntary organizations and staff from government agencies that work with issues on the subject about undocumented migrants.

It is estimated that there are around 18,000 people who are undocumented in Norway, says a report by Statistics Norway (find the source). The Norwegian Organization for Asylum Seekers (hereinafter referred to as NOAS) estimates from 2015 that there are between 3,000 and 5,000 who have lived in Norway for more than five years (NOAS, 2015, 26 March). Undocumented migrants are therefore a group of people that it is impossible to have a precise overview of in Norway. Migrants face significant challenges on a daily basis in Norway. They have limited access to both social services, healthcare and other public services. This makes the situation of undocumented migrants particularly special. Political and social attention is required to arrive at solutions. In this thesis I will try to give a voice to some of the undocumented migrants who live in Norway.

Forord

Og der var to år på masteren i likestilling og mangfald over. Det skal bli utruleg godt å endeleg levere, men samtidig er det også rett og slett litt trist. Prosessen med å skrive ei masteroppgåve har vore både spennande, frustrerande, kjekt og lærerikt. Allereie då eg tok ei bachelorgrad i sosialantropologi byrja emnet om papirlause migrantar å interessere meg. Det er rart å tenke på at no skal eg levere ei masteroppgåve om det emnet som eg brenn mest for.

Fyrst vil eg takke rettleiarane mine Turid Fånes Sætermo og Isak Nathaniel Løberg Jacobsen. Eg hadde absolutt ikkje klart å skrive ei masteroppgåve utan dykk. Tusen takk for alle gode faglege samtalar, innspel og kommentarar som har hjelpt meg mykje på veggen.

Takk til informantane mine som har deltatt i dette prosjektet, og som har tatt seg tid til å snakke med meg. Eg set pris på kvar og ein samtale.

Tusen takk til mine flotte klassekameratar som har vore ei utruleg god støtte å ha i desse to åra. Lesesalen har vore eit møtepunkt for fleire av oss og det har vore godt å ha nokon å snakke med, le med og av og til klage litt med. Det set eg stor pris på. Eg er spent på å sjå kva alle dei drivne og flinke menneska finn på vidare. Våre vegar vil nok krysse kvarandre igjen. Eg vil gi ein ekstra takk til Anine som har ei utruleg evne til å løfte meg opp på tunge dagar, og som alltid er der om eg vil ta ein prat.

Ein takk (og klem) til mamma som har lest tallaust med oppgåver som eg har skreve, uansett kva tid eller stad. Du snakkar meg opp når eg er nede, og ler med meg over merkelege kommafeil. Eg må også gi ein stor takk til tante Unn som har lest og retta heile masteroppgåva mi. Du er imponerande rask og nøyaktig. Takk!

Til slutt vil eg takke Hana, Mehdi og Adbi. Denne oppgåva er til og for dykk. Uten dykk hadde eg ikkje hatt ei oppgåve som denne. Takk for tida dykk har sett av til å snakke med meg. Eg set utruleg stor pris på samtalane me har hatt. Eg unnar dykk alt godt.

Trondheim 16.mai 2024
Idun Andersson Røyneland

Innholdsfortegnelse

1. Innleiing	10
1.1 Formål/bakgrunn for val av tema	10
1.2 Introduksjon til tema	11
1.3 Tidlegare forskning	12
1.4 Problemstilling og forskings spørsmål	13
1.5 Omgrep og avklaring	14
1.5.1 Papirlaus	14
1.5.2 Migrant	14
1.5.3 Flyktning	14
2 Metode	16
2.1 Intervju	16
2.3 Rekruttering og utval	17
2.4 Ethiske retningslinjer	18
2.4.1 Konfidensialitet og anonymitet	18
2.4.2 Sårbare grupper	19
2.5 Metodebeskriving	19
2.6 Transkribering og koding	20
2.7 Kvalitet og truverdigheit	21
2.7.1 Pålitetsgrad, gyldigheit og overføringsverdi	21
3. Teoretisk rammeverk	22
3.1 Habitus	22
3.1.1 Økonomisk og symbolskkapital	23
3.1.2 Sosial og kulturell kapital	23
3.2 Tilhørsle	24
3.3 Nytte	25
3.4 Oppsummering	25
4. Migrasjonsprosessen	27
4.2 Erfaringar frå flukt	27
4.3 Innkomst til Noreg	30
4.4 Mottakssystemet	31
4.5 Statlege og frivillige	33
4.6 Oppsummering	34
5. Livet i Noreg og handsaming frå samfunnet	35
5.1 Handsaming frå samfunnet	35
5.2 Bustad og integrasjon	37
5.3 Organisasjonar og statlege organ: Innsats for å inkludere	39
5.4 Oppsummering	40

6. Avgrensingar og håp.....	42
6.1 Helsehjelp og økonomisk stønad.....	42
6.3 Livets avgrensingar og håpet for framtida.....	46
6.4 Oppsummering.....	47
7. Avsluttande refleksjon.....	48
7.1 Sentrale funn.....	48
7.2 Avgrensingar og vegen vidare.....	49
<i>Innhaldsliste</i>.....	50
<i>Intervjuguide</i>.....	55
<i>Vil du delta på mitt forskningsprosjekt?</i>.....	57
<i>Want to take part in my research project?</i>.....	58
<i>Kva inneberer det for deg å delta?</i>.....	59

1. Innleiing

1.1 Formål/bakgrunn for val av tema

Papirlause migrantar er ei gruppe menneske som oppheld seg i Noreg, utan opphaldsløyve (Kirkens Bymisjon, u.å.). Denne gruppa omfattar migrantar som har fått avslag på asylsøknaden sin, migrantar som aldri har søkt om asyl eller som har kome til landet utan å registrere seg. Det kan også vere turistar som har kome med visum, men som har blitt lenger enn det visumet tillét. Situasjonen til papirlause migrantar i Noreg er relativt lite omtalt i media, i samfunnet rundt oss og i forskning. Årsaka kan vere at dei papirlause lever med høg risiko for å bli tvangsreturnert til opphavslandet. Det er difor fleire som lever i skjul under myndigheitene sin radar (Lillevik & Tyldum, 2021). Med forskinga mi vil eg gi ei stemme til nokre av dei papirlause flyktningane, og på den måten synleggjere korleis dei opplever situasjonen sin her i Noreg. Eg vil også bidra med å løfte fram perspektiva frå frivillige ideelle organisasjonar og offentlege instansar som arbeider med problemstillingar kring dette tema.

Målet med denne oppgåva er å synleggjere erfaringar og historier til personar som lever i ein situasjon der dei ikkje har lovleg opphald i Noreg. Då eg byrja på mastergrada i likestilling og mangfald hausten 2022, var eg allereie sikker på at eg ville fordjupe meg i temaet om papirlause migrantar. Eg skreiv bacheloroppgåva mi våren 2022 der eg fokuserte på det same temaet, men då frå staten sitt perspektiv. Etter innlevert bacheloroppgåve satt eg igjen med erkjenninga av at eg ikkje visste nok om dei papirlause migrantane i Noreg. Dette danna grunnlaget for det som har blitt masteroppgåva mi. Gjennom synleggjering av erfaringar frå tre lengeverande papirlause migrantar i Noreg håpar eg å kunne bidra til større forståing og meir kunnskap kring livssituasjonen deira. Til slutt håpar eg at det kan føre til diskusjonar og tiltak som vil sikre betre rettar og velferd for denne gruppa. Oppgåva er ein tematisk analyse av korleis byråkrati, frivillige organisasjonar og papirlause migrantar ser på og opplever situasjonen til den sistnemnde gruppa i Noreg. Fordelt på tre analysekapittel vil eg svare på forskingsspørsmål som omfattar viktige tema som dei tre papirlause migrantane har fordjupa seg i i intervjuet eg har hatt med dei.

Media spelar ei vesentleg rolle når det gjeld å presentere og representere papirlause migrantar. Massemedia kan hjelpe med å gi dei papirlause ei stemme, og kaste lys over kvardagen deira i Noreg (Bendixsen et al., 2015, s. 110). Noreg er eit av dei landa i Vesten som har mest dekking av situasjonen til papirlause migrantar, om ein samanliknar med USA og Frankrike, som heller fokuserer på kva utfordringar som oppstår for myndigheitene grunna papirlause migrantar. 27% av mediedekninga av papirlause fokuserer på eit ynskje om ei innvandringsreform (Bendixsen et al., 2015, s.114-115). Media kan altså ha ein stor innverknad på korleis ein syner og synleggjer papirlause migrantar, men dette kan også ha nokre negative effektar. Det kan vekke negative kjensler hos lesarane. I følge Bendixsen et al. (2015, s. 115) er den mest "populære" løysinga på problemet å stramme inn på fleire aspekt i innvandringspolitikken. Enkelte artiklar i media som legg vekt på at migrantane er "irregulære", "illegale" og "ulovlege" for å vekke negative kjensler og merksemd hos norske borgarar. I ein artikkel av Beyer, Figenschou og Thorbjørnsrud i Aftenposten (2014), legg dei fram argument om at papirlause migrantar ofte anten vert sett i ei offerrolla der personen treng hjelp, vert portretterte som heltar som må få respekt eller

vert framstilte som ein trussel for det norske samfunnet (Beyer et al., 2014). Det er altså ofte fokus på stereotypiar for å vekke interesse hos lesarane. Samla teiknar dette eit bilete av korleis papirlause migrantar "skapar problem" for myndigheitene (Bendixsen et al., 2015, s. 114).

1.2 Introduksjon til tema

I 2015 var det registrert 244 millionar internasjonale migrantar i verda, og det finst fleire ulike kategoriar migrantar (Odden, 2018, s. 11). Same året tok Noreg imot fleire asylsøkjjarar enn nokon gong før. Det er registrert rundt 2000 statslause personar i Noreg (Meld. 8:85 S, 2022-2023). I følgje UDI er det 215 personar på mottak med utreiseplikt som har vore i Noreg meir enn ti år (UDI, u.å.). Papirlause migrantar vert ofte sett på som eit "vestleg problem" (Odden, 2018, s. 32). Det er 40 år sidan innvandringa tok seg til Skandinavia (Brochmann, 2016, s. 150). Sverige var først ut og dermed Danmark og Noreg, men dei tre landa har sidan gått sin eigen veg. Velferdsmodellen til Noreg er avhengig av at menneske som bur her skal arbeide og bidra til velferdsstaten. Uansett har Noreg, og dei andre skandinaviske landa, hatt ein meir restriktiv innvandringspolitikk dei siste åra. Likevel har Noreg utvikla nye reiskap for å kunne integrere nykommarar (Brochmann, 2016, s. 151). Odden skriv at politisk diskurs vil gi inntrykk av at fenomenet migrasjon er større enn det eigentleg er, og denne politikken vil framheve at migrasjon av papirlause er ein trussel mot staten (Odden, 2018, s. 34). Dersom ein har mange papirlause vil det altså seie at ein har mangel på kontroll (Bendixsen, 2018, s. 162).

Eit av hovudmåla i norsk innvandringspolitikk er å ha ein effektiv returpolitikk når det gjeld menneske som ikkje har lovleg opphald i Noreg og å avgrense irregulær migrasjon generelt (Lillevik & Tyldum, 2021). Talet på papirlause migrantar i Noreg er lågt om ein samanliknar med andre land i Europa som til dømes Tyskland, Frankrike eller Nederland. Ein av grunnane til dette kan vere at Noreg er ein relativt lukka velferdsstat. Moglegheita for arbeid og andre kvardagslege aktivitetar er svært vanskeleg utan lovleg opphald (Lillevik & Tyldum, 2021, s. 19). Den grunnleggande intensjonen om å oppretthalde fokuset på menneskerettar, står i eit motstridandeforhold til innvandringspolitikken, då den har som mål at det skal vere umogleg å leve utan opphaldsløyve og at vi skal returnere så mange som råd. I fleire tilfelle kan ikkje desse flyktningane returnere til heimlandet sitt av ulike årsaker, og difor er det nødvendig at Noreg, som eit rikt og liberalt land, kan hjelpe flyktningar og papirlause migrantar til å leve verdige liv.

Papirlause migrantar kjem til Noreg av varierte årsaker. Det kan vere arbeid, for å bu med familie og venner, eller for å betre levekåra sine, så er det felles for alle papirlause migrantar at dei ikkje har lovleg opphald i Noreg (Lillevik & Tyldum, 2021). Papirlause bur i heile Noreg, men det er flest i hovudstaden og kring Oslo. Folk med bakgrunn frå Eritrea, Iran og Etiopia utgjør meir enn halvparten av dei papirlause i Noreg (Lillevik & Tyldum, 2021, s. 43). Lillevik og Tyldum (2021) har i sin rapport delt dei papirlause inn i fem kategoriar. Det er flest einslege, menn og familiar med born blant dei papirlause i Noreg (Ottesen, 2008). Kategoriane består av dei synlege, dei avhengige, dei arbeidande, dei marginaliserte og dei som er i fritt fall (Lillevik & Tyldum, 2021, s. 45). Dei synlege bur på mottak i Noreg. I 2021 var det 665 personar med utreiseplikt i mottak (Moa, 2021). Av desse er 119 barn og 546 vaksne, der 21 personar er over 67 år (Lillevik & Tyldum, 2021).

1.3 Tidlegare forskning

Det er avgrensa med forskning på papirlause migrantar i Noreg, og då spesielt på dei papirlause sitt kvardagsliv. Det er også avgrensa forskning på kva problemstillingar og dilemma det offentlege Noreg står overfor i møtet med denne gruppa. Det har likevel kome ein del meir litteratur dei siste åra som omhandlar papirlause sin situasjon i Noreg. I denne oppgåva har eg valt å fokusere på den litteraturen som omhandlar tidlegare forskning som er aller mest relevant for tema som eg skriv om. Denne forskinga viser til korleis papirlause migrantar gjer best mogleg nytte av sin posisjon når dei venter på svar på asylsøknaden sin, når dei får avslag og etter dei har fått avslag. Synnøve Bendixsen (2015) sin forskingsartikkel utforskar den fyrstnemnde situasjonen, nemleg å vente på svar. Forskinga hennar viser korleis dei papirlause strukturerer erfaringa dei har med langvarig usikkerheit og at ventetida ofte viser seg å føre til politisk handling (Bendixsen, 2015, s. 285). Bendixsen teiknar eit bilete av korleis staten, gjennom migrasjonspolitikken, avgrensar rettane for dei papirlause (Bendixsen, 2015, s. 291). Teksten til Bendixsen (2015, s. 286) er basert på eit feltarbeid som ho gjorde i 2011-2012. Ho intervjuar migrantar som meinte at kvardagen deira var meningslaus grunna dei ikkje kan arbeide, utdanne seg eller stifte ein familie. I 2011 kom det palestinske og papirlause migrantar til hovudstaden for å demonstrere framfor Stortinget (Bendixsen, 2015, s. 290). Migrantane demonstrerte for å bli synlege for dei norske myndighetene (Bendixsen, 2015, s. 291).

Dette er også eit tema som Ragna Lillevik og Guri Tyldum (2021) adresserer i sin rapport, i oppdrag frå utlendingsdirektoratet (UDI). Dei papirlause uttrykkjer sårbarheit og mangel på makt i ventetida, og etter – anten det er i mottak eller utanfor. Kven dei papirlause er, kor stor er gruppa i Noreg, og kva utfordringar tilsette i norske storbyar opplever i møtet med dei papirlause, og korleis papirlause migrantar har det i Noreg, er nokre av spørsmåla som Lillevik og Tyldum tar opp (Lillevik & Tyldum, 2021). I forskinga si analyserer dei fleire intervju med organisasjonar og personar som jobbar med problemstillingar kring migrantane sin situasjon. Resultata viser at sjølv om migrasjonspolitikken tilseier at det ikkje skal vere papirlause migrantar i Noreg, så er det ikkje det som er verkelegheita. Personar som jobbar innanfor dei ulike sektorane i det offentlege kjem ofte over vanskelege dilemma knytt til papirlause. Resultata viser her at dei fleste storbyane i Noreg har utvikla lokalpolitiske tilbod for å hjelpe denne gruppa. Resultata i rapporten gir eit overblikk over kvar papirlause migrantar bur; på mottak eller hos familie og vener. Både i Oslo og Bergen finst det til dømes akuttovernatting som er drive av frivillige organisasjonar (Lillevik & Tyldum, 2021, s. 121). Lillevik og Tyldum (2021) skriv i rapporten om tilboda som er i Bergen, Oslo, Stavanger og Trondheim for papirlause. Det er fleire gode tilbod som er tilrettelagt for papirlause av frivillige organisasjonar. Også lokalpolitisk vert det gjort tiltak. Fleire møter papirlause migrantar i arbeidskvardagen sin, og handterer desse situasjonane på fleire måtar.

Boka "Eksepsjonell velferd?" (2015) har eg hatt svært god bruk av gjennom heile skriveperioden. Den er skriven av Synnøve Bendixsen, Christine Jacobsen og Karl Harald Søvig og tar for seg korleis papirlause migrantar navigerer i det norske velferdssystemet. Boka inneheld analysar av korleis det norske velferdssystemet fungerer. Den tar opp både utfordringar og moglegheiter papirlause opplever i møtet med norske statsinstitusjonar når det gjeld helse, økonomi og mottak, det norske

samfunn generelt og media (Bendixsen et al., 2015). Boka gir både eit juridisk og antropologisk innblikk i dei ulike utfordringane og den velferda som papirlause møter på i Noreg. Denne boka har vore til stor hjelp for å få ei djupare forståing av korleis situasjonen til papirlause har utvikla seg i Noreg på ulike nivå og ulike tema. Felles for forskinga som eg har valt ut er at den understrekar kor viktig det er for migrantane å fylle ventetida med sosiale og meningsfulle handlingar, men at det og forsterkar deira posisjon som papirlaus. Gjennom migrasjonspolitikken avgrensar staten rettane til dei papirlause. Dette fører til sterke kjensler om sårbarheit og mangel på makt. Dette peiker vidare på kvifor eg har valt dei forskjellige forskingsspørsmåla.

1.4 Problemstilling og forskingsspørsmål

Oppgåva vil ha som formål å utforske korleis papirlause migrantar opplever kvardagslivet sitt i Noreg. Problemstillinga har utvikla seg over tid for å passe på at den bidrar til både avgrensing og samstundes gir ei retning til prosjektet slik Thagaard (2018, s. 46) forklarar. I perioden februar 2023 fram til februar 2024 har problemstillinga mi endra seg. Utgangspunktet har heile tida vore det same, formuleringa og spissinga av problemstillinga har endra seg. Deg har vore utfordrande å finne ei problemstilling og tilhøyrande forskingsspørsmål som passar til det eg vil at oppgåva skal kaste lys over. Den ferdigstilte problemstillinga omfattar dei emna som interesserer meg når det gjeld papirlaus migrasjon, men og kva temaa som er viktig for dei papirlause, organisasjonane og dei offentlege instansane eg har intervjuet. Eg skal difor i denne oppgåva svare på følgjande problemstilling:

Korleis ser byråkrati og frivillige organisasjonar på papirlause migrantar og korleis opplever dei sjølve situasjonen sin?

Eg har strukturert dei empiriske kapitla temavis. Med det meiner eg at oppgåva følgjer tema som informantane mine har snakka om og vektlagt i intervjuet. Analysedelen er delt inn i tre kapittel. Det første empiriske kapittelet tek føre seg flukta til Noreg, tilkomst og mottakssystemet. Det andre kapittelet vil gå djupare inn i korleis dei papirlause erfarer livet i Noreg, og korleis dei vert handsama av samfunnet kring. Det tredje og siste analysekapittelet vil vise kva for ulikheiter, avgrensingar og utfordringar dei papirlause møter og kjenner på. Her vil eg gå djupare inn i korleis frivillige organisasjonar og offentlege instansar gjer som tiltak for inkludering og framtidshåp for dei papirlause. Oppgåva vil svare på følgjande forskingsspørsmål:

- *Kva utfordringar møter papirlause migrantar på i migrasjonsprosessen?*
- *Korleis vert dei papirlause handsama av offentlege instansar og frivillige organisasjonar?*
- *Korleis opplever papirlause migrantar at dei blir handsama i det norske samfunnet?*
- *Kva tiltak gjer frivillige organisasjonar og offentlege instansar som innsats for å inkludere?*
- *Kva kjensler har dei papirlause for eiga framtid?*

1.5 Omgrep og avklaring

Nedanfor vil eg gjere greie for nokre omgrep som vert brukt vidare i oppgåva. Omgrepa vert brukt av både informantane og meg og er såleis emiske og etiske omgrep.

1.5.1 Papirlaus

“Papirlaus”, “ikkje-dokumenterte”, “illegale” og “ureturnerbare” er nokre av dei utanfrå definerte omgrepa som vert brukt om dei. Dei papirlause oppheld seg i Noreg utan opphaldsløyve. Det tyder likevel ikkje at dei ikkje har papir i eit anna land, men heller at dei er tomme for moglegheiter. Vidare i oppgåva vil eg bruke “papirlause migrantar” som omgrep for denne gruppa. Omgrepet “papirlaus migrant” vert ofte brukt i politisk mobilisering for migrantane sine rettar (Bendixsen et al.,2015, s. 29)

1.5.2 Migrant

Ein migrant er eit menneske som flytter frå eitt land til eitt anna (Tønnessen, 2021). Å migrere er ikkje alltid frivillig. Omgrepet inkluderer menneske som migrerer av ulike årsaker. Til dømes kan det flyktning, arbeidsmigrant, utdanningsmigrantar e.l. Dette kan vere både frivillig, ikkje-frivillig, lovleg eller «ulovleg». Odden (2021) definerer “migrant” som eit individ som har forlate heimlandet sitt for å busetje seg i eit anna land. Lengeverande papirlause migrantar er menneske med avslag (Meld. 8:85 S, 2023-2024). Denne gruppa menneske har måtta søkje asyl i Noreg, men ikkje fått det. Dei papirlause kjem som regel frå krigsramma land eller der menneskerettane deira ikkje vert respektert. Eg vil bruke lengeverande papirlaus migrant, papirlaus eller migrant om informantane vidare i oppgåva. “Asylsøkjarar” er døme på lengeverande papirlause migrantar som av ulike grunnar ikkje kan returnere til opphavlandet sitt (Meld. 8:85 S, 2023-2024). “Asylsøkjarar” har måtta søkje asyl i Noreg, men anten ikkje fått det eller ventar på svar.

Ureturnerbare flyktningar er menneske som har fått endeleg avslag på asylsøknaden sin, men som av ulike årsaker ikkje kan returnere til opphavlandet sitt. Til dømes så har Noreg og Etiopia hatt ein returavtale sidan 2012, men fram til 2019 har Etiopia nekta å ta imot sine eigne borgarar (Haugen & Vestrheim, 2024). Dette gjer at det er fleire etiopiarar som har vore i Noreg utan innvilga asyl i opptil 20 år.

1.5.3 Flyktning

Ifølgje FN si flyktningkonvensjon er ein flyktning nokon som er utanfor heimlandet eller ein personen som ikkje tør å returnere til heimlandet sitt (FN, 15.juni, 2023). Det kan vere årsaker som til dømes frykt for forfølgning grunna religion, rase, eller nasjonalitet, krig eller naturkatastrofe. Ein person som flyktar til eitt anna land vert beskytta av FNs flyktningkonvensjon (FN, 2023). Konvensjonen vart til i kjølvatnet av andre verdskrigen, då fleire millionar menneske var på flukt - utan ein stad å dra og eit generelt dårleg tilrettelagt system for flyktningar og deira rettar (FN, 2023). Alle menneske har rett til å søke om å bli verna. I mai 2023 vart det registrert meir enn 110 millionar menneske på flukt i verda grunna krig, forfølgning, vald, klimakriser eller brot på menneskerettar (FN, 2023).

2 Metode

I dette kapitlet skal eg gjere greie for val av metode og prosessen som har følgd fram til innsamla data. Masteroppgåva er basert på kvalitatív metode med tematisk analyse som grunnlag. Kvalitative metodar bidrar til at vi kan forstå sosiale fenomen betre (Thagaard, 2019, s. 11). Tilnærminga kan teikne eit bilete av kva som er karakteristisk med kulturen vår. Dette kapitlet vil ta føre seg utfordringar eg har møtt på vegen, og skildre korleis desse har blitt løyst. I tillegg vil eg gjere greie for vala eg har tatt i forskinga mi og kvifor. Metoden eg har brukt for å samle inn data, er altså kvalitative intervju. Desse intervju vil hjelpe med å få fram kunnskap om fortida gjennom informantane sine erfaringar, men også om framtida gjennom informantane sine refleksjonar, håp og planar for framtida (Skilbrei, 2019, s. 65). Målet med intervju er å finne fram teoretisk generaliserbare resultat som kan samanliknast med andre prosessar, samanhengar og kategoriar. Generelt kan vi seie at målet med eit kvalitatívtt studium av denne typen, er å undersøkje og syne fram korleis eitt eller nokre få tilfelle kan vere illustrerande og informative utan at dei nødvendigvis representerer alle liknande tilfelle. Teoretisk generaliserbarheit vil seie at det er mogleg å slutte at det eg finn i mine intervju med papirlause migrantar, er overførbart til andre migrantar i same situasjon.

2.1 Intervju

Det empiriske materialet eg har samla inn, er basert på sju intervju. I fyrste omgang ønskte eg å basere denne kasusstudien på kvalitative forskingsintervju berre med eit utval av papirlause migrantar i Noreg. Dette viste seg å verte krevjande, då dette er ei gruppe menneske som det kan vere vanskeleg å få tak i (Bendixsen et al., 2015, s. 44). Blant anna difor valde eg å utvide utvalet mitt til også å inkludere representantar frå offentlege instansar og frivillige ideelle organisasjonar. Ved bruk av intervju ønskjer eg å sikre detaljerte og djuptgåande skildringar i forskinga mi. Eg har utført til saman sju intervju. To av intervju er med to tilsette frå ulike frivillige organisasjonar som jobbar tett på papirlause migrantar i Noreg. Eitt intervju er med ein tilsett i politiets utlendingseining (PU), og eitt er gjort via e-post med ein tilsett i utlendingsdirektoratet (UDI). Dei tre siste intervju er gjort med tre personar som er lengeverande papirlause migrantar i Noreg. Informantane representerer ikkje nødvendigvis alle papirlause migrantar i Noreg, men målet er å gje ei stemme til nokre av dei. Nadim (2015) Intervjusamtalar bidrar til ei djupare forståing av korleis personar opplever og reflekterer over eigen situasjon (Thagaard, 2019, s. 11). Det var viktig for forskingsprosjektet mitt å utføre intervju då dette hjelper med å gi betre innsikt i korleis informantane opplever og forstår seg sjølve, og omgivnadane sine (Thagaard, 2019, s. 53). Gjennom intervju som er gjennomført har informantane kasta lys over sosiale og kulturelle samanhengar i det norske samfunnet.

I forkant av intervju fekk alle informantane fått eit samtykkeskjema og eit informasjonsskriv om masteroppgåva mi og kva som var formålet med intervjuet (Skilbrei, 2019, s. 152). Skriva vart sende til informantane i god tid før intervjuet fann stad, slik at informantane kunne sette seg godt inn i og reflektere over informasjonen, og formålet med intervjuet og om dei ville delta. Informasjonen vart også formulert munnleg før intervjuet. Dette vart gjort av meg saman med ein tolk når det var naudsynt. Eg brukte tolk i to av intervju. Tolken måtte også skrive under på samtykkeskjema. To av informantane, som er papirlause, gav skriftleg samtykke. Den

siste gav munnleg samtykke på lydopptak. Det var viktig at informantane var komfortable under intervjuet. Dei fekk difor velje tid og stad for intervjuet sjølve. To av intervjuar vart gjennomførde i lokala til den eine frivillige organisasjonen som eg og har intervjuar, medan det siste intervjuet vart gjort i heimen til ein kontaktperson til den papirlause migranten. Intervjuar hadde forskjellig varigheit. Med tolk tok det ekstra tid for at alt skulle bli formulert på rett måte, både på norsk og språket til informanten. Intervjuar med tolk varte frå ein time til to timar, medan intervjuar utan tolk varte dei i tretti til førti minuttar. Eg har også gjennomført intervju med tilsette i frivillige organisasjonar og instansar i Noreg. To av desse vart utført digitalt, medan det siste var fysisk i lokala deira.

Formålet med intervju med lengeverande papirlause migrantar i Noreg er, som nemnt, å skape forståing kring denne gruppa og deira livssituasjon. Intervjuar hadde difor hatt ein delvis strukturert tilnærming der det er rom å ta opp ulike tema undervegs i samtalen. Thagaard (2019, s. 91) skildrar dette som den mest brukte tilnærminga. Samtalen vert styrt av både forskar og informant alt etter kva tema ein ønskjer å fremje i samtalen. Dette opnar opp for at informanten kan sjølv styre retninga på intervjuet, og forskaren kan tilpasse spørsmål etter kvart.

2.3 Rekruttering og utval

I samband med rekruttering av informantar deltok eg på eit møte med lengeverande papirlause migrantar i Noreg. Gruppa er driven av ein frivillig organisasjon og jobbar for å gjere situasjonen til papirlause betre. På møtet fekk eg presentere meg sjølv, tidlegare utdanning og prosjektet som skal bli masteroppgåva mi. Eg blei svært godt tatt imot, og det var spanande å få eit innblikk i korleis møta vert organisert. Eg byrja med å ha hovudfokuset mitt på korleis papirlause migrantar opplever kvardagslivet sitt, og ville fokusere på intervju med denne gruppa. Etter ei stund fann eg ut at eg ville utvide informantane mine til å inkludere frivillige organisasjonar og personar frå offentlege instansar, som jobbar med eller tett på denne gruppa. Eg tok den avgjerda då eg såg at dette vil gi eit breiare overblikk. Etter møtet vart eg kontakta av fleire medlemar frå gruppa. Thagaard (2019, s. 56) skildrar dette som "snøballmetoden". Dette er ein mykje brukt og nyttig metode, men som Thagaard framhevar kan den vere avgrensande ved at ein rekrutterer personar med same eigenskapar og i same situasjon. Då papirlause er ei sjeldan og sårbar gruppe i Noreg, vil dette likevel ikkje vere eit problem i denne samanhengen då kvar informant har sine unike erfaringar og historier å fortelje. Å delta på dette møtet var ein viktig del av rekrutteringa mi. Det gjorde at informantane kunne få god kjennskap til meg og forskingsprosjektet mitt, før dei meldte ei eventuell interesse om å ha ein samtale.

Kort før eg deltok på møtet med lengeverande papirlause migrantar i Noreg, fekk eg eit prøveintervju. Dette gjennomførte eg med ein tilsett i den frivillige organisasjonen eg seinare skulle intervju. Samtalen vart ikkje tatt opp, og eg tok heller ikkje notat. Denne samtalen gjorde at eg kunne få meir kjennskap til arbeidet som organisasjonen gjer kring papirlause migrantar i Noreg. Eg tok også kontakt med fleire frivillige organisasjonar og offentlege instansar som jobbar med problemstillingar knytt til papirlause migrantar. Dei eg tok kontakt med var blant anna Røde Kors, Kirkens Bymisjon, Caritas, NOAS, politiet og flyktningshelsetenesten. Av desse fekk eg fleire tips om andre eg kunne kontakte for å kome til dei rette personane. Dette gjorde at eg fekk

kontakt med fleire personar frå ulike nettverk og miljø (Thagaard, 2019, s. 56). Slik som Thagaard (2019, s. 59) påpeiker, kan tid og ressursar vere avgrensande for størrelsen på utvalet. Då eg hadde intervjuar tre papirlause migrantar, to tilsette i frivillige organisasjonar og to tilsette i statlege instansar valde eg å avslutte rekrutteringa. Dette var då eg kjente at intervjuar som eg hadde hatt var tilstrekkeleg til forskinga mi.

2.4 Etske retningsliner

Dei nasjonale forskningsetiske komiteane (2021), vidare referert som NESH, presenterer ei samling med viktige retningsliner som, om ein fylgjer, vil sikre god vitenskapleg praksis (NESH, 2021, s. 5). For å få kvalitet i forskinga mi er det avgjerande å ha ei plikt til sanning og ærlegdom i oppgåva. Retningslinene er laga for og av forskarar innan samfunnsvitenskap og humaniora; for å fremje fri, god og forsvarleg forskning (NESH, 2021, s. 5). Det er difor viktig å rette blikket mot alle steg i prosessen. Dette gjeld både førebuing til forskning, rapportering av forskning på vegen og andre forskingsrelaterte aktivitetar. Stega er viktige å fokusere på og sikre omsynet til integritet, tryggleik og velferda til personane som er involvert i forskingsprosjektet (NESH, 2021, s. 8). Ansvar for framtidige forskarar ligg på noverande forskarar, og det er difor viktig å ikkje ta skade på samfunn, helse og miljø for den framtidige generasjonen (NESH, 2021, s. 5). Gjennom intervju med ulike informantar har eg lært mykje. Dei fyrste intervjuar som eg gjorde var i stor grad basert på spørsmåla som eg hadde utforma i forkant, og eg var mindre komfortabel med å gå utanfor manus. Dette var då eg var mindre trygg i rolla som forskar. Thagaard (2019, s. 94) foreslår at dersom ein øver seg, vil ein etter kvart lære seg å handtere ulike sosiale situasjonar. Ein lærer seg då å gi rom for pausar, lytte til personen ein intervjuar, og tenkje over korleis ein sjølv utformar spørsmåla. Det har vore ein prosess for meg å lære meg å ta det roleg i intervju-situasjonane, slik at ikkje stresset tar over. Etter at eg hadde fullført to av intervjuar mine kjente eg meg mykje meir sikker i rolla mi. Denne sjølvsikkerheita gjorde at eg i større grad fokuserte på informanten, og ikkje meg sjølv som forskar i dei vidare intervjuar. Det kan vere svært belastande for ein person som er i ein sårbar situasjon å delta i eit forskingsprosjekt (Thagaard, 2019, s.60). Difor har det vore svært viktig å gi riktig og god informasjon om prosjektet. Under vil eg forklare nærare korleis eg har fylgt NESH (2021) sine retningsliner, og kvifor.

2. 4.1 Konfidensialitet og anonymitet

Informert samtykke, konfidensialitet og anonymitet er tre viktige punkt her. For å utføre eit forskingsprosjekt må ein ha informanten sitt samtykke. Informasjonen som forskaren gir om prosjektet gjer at informanten kan vurdere om dei vil delta eller ei (Thagaard, 2019, s. 23). Konfidensialitet inneber i at ein anonymiserer informantane og beskyttar deira privatliv og identitet (NESH, 2021, s. 23). Konfidensialitet baserer seg på at informasjonen som er henta inn av forskaren ikkje vert formidla på andre måtar enn det som er avtalt og samtykka til av begge partar. Skilbrei (2019, s. 109) forklarar at ein må ha informert samtykke for at deltakarar i eit forskingsprosjekt ikkje skal bli gjort til ein "gjenstand" for prosjektet. Ho held fram med å forklare at informert samtykke vil vere med på å sikre at informanten ikkje opplever ubehag ved å delta i prosjektet. Som forskar er det mitt ansvar å halde informasjon om informantane mine konfidensielt. Difor

har eg valt å omtale dei som "Hana", "Mehdi" og "Abdi" ilag med «tilsett i frivillig organisasjon» og «tilsett i offentleg instans». Alle informantane har anten skreve under på eit samtykkeskjema, eller gitt samtykke gjennom opptak basert på kva dei tykkjer er mest trygt.

2.4.2 Sårbare grupper

Med personar som høyrer til svakstilte eller sårbare grupper så er det viktig å forstå at dei kan vere i ein svært utsett situasjon (NESH, 2021, s. 29). Migrantane kan tidlegare ha vore utsett for situasjonar der dei har blitt utnytta eller ikkje blitt behandla bra. Difor er det viktig å innhente så mykje informasjon om gruppa som mogeleg før ein gjennomfører eit forskingsprosjekt med dei. Ein bør hente inn informasjon med forståing og respekt, slik at informasjonen vert formidla frå forskaren på rett måte. Historisk sett er sårbare grupper oftare utsett for stigmatisering, diskriminering og rasisme og det er difor naudsynt å ikkje generalisere eller omtale gruppa på ein måte som gjer at dei kan verte utsett for noko av dette (NESH, 2021). Det er viktig å unngå ord og vendingar i oppgåva som kan diskriminere eller undertrykkje (Furseth & Everett, 2022, s. 168). Eg brukte emiske ord og omgrep, det vil seie slike som dei brukar sjølve, for å syne respekt for informantane. Då eg intervjuar frivillige organisasjonar og offentlege instansar brukte eg dei same ord og uttrykka som eg brukte då eg intervjuar papirlause migrantar, medan dei brukte ord og uttrykk som vert brukt på arbeidsplassen. For å nemne nokre var det til dømes: "irregulære migrantar" og "lengeverande papirlause flyktingar". Dei etiske vurderingane og omsyna ein må ta i eit forskingsprosjekt vil vere grunnleggjande for å oppretthalde eit godt forhold til informantar, organisasjonar og andre ein kjem i kontakt med. Eventuelle tillitsbrot vil få konsekvensar for eiga forskning, i tillegg til andre framtidige prosjekt. Sårbare grupper kan til dømes vere barn, eldre eller minoritetar (NESH, 2021). Ved bruk av samtykke- og informasjonsskjema, må informasjon verte formidla på ein slik måte at det er forståeleg. Difor skreiv eg desse på lettfatta norsk og engelsk, slik at dei lettare kunne forstå kva forskinga innebar. Samstundes må det ikkje framheve den vanskelege situasjonen deira, eller på andre måtar bidra til meir stigmatisering. Det er avgjerande for ein forskar å vere inkluderande og rettferdig for å forstå situasjonen og erfaringane til dei ein forskar på (NESH, 2021). Basert på intervjuar eg har utført, så har dette i stor grad påverka vala undervegs. Det var viktig for meg at alle informantane skulle føle seg trygge og vere sikre på kva som skulle skje. Difor vart val av stad, tolk og tid bestemt av informantane sjølve.

2.5 Metodebeskriving

Tematisk analyse inneberer at ein ser etter gjennomgåande tema i dataa ein har samla inn (Johannessen, Rafoss, Rasmussen, 2020, s. 279). Ein detaljert analyse vil hjelpe å kaste lys over viktige kategoriar som kjem fram gjennom intervjuar. I oppgåva har eg utført ein slik tematisk analyse. Temaa som oppgåva er delt inn i vil til saman svare på problemstillinga og forskingsspørsmåla. Det vil altså seie at eg har delt data inn i ulike tema som har vore fellestrekk i intervjuar som har blitt utført. Ved bruk at tematisk analyse rettar ein fokuset på tema som blir presentert i oppgåva gjennom intervjuar (Thagaard, 2018, s. 171). Formålet er å kunne gå i djupna på kvart tema. Fyrst analyserer ein data på tvers for å etterkvart kunne dele dei inn i ulike tema som det vert

fokusert mest på i intervjua. I følgje Thagaard (2018, s. 172) bør dei ulike temaa innehalde utfyllande skildringar frå deltakarane, for å kunne gje grunnlag til at ein kan analysere variasjonane som dataa representerer for kvart tema. Eit tema vil her seie ei gruppering av data med fellestrekk – ein kategori (Johannessen et al., 2020, s. 279). Inndeling av desse kategoriane vil til saman svare på forskingsspørsmåla. Ved bruk av kategorisering vektlegg ein ting som er til felles (Johannessen et al., 2020, s. 127). Kategoriar framstår ifølgje Johannessen (2020, s. 129) som sjølvsegte og naturlege. Kulturen og samfunnet er avhengig av kategoriar. Tematisk analyse er altså ein nyttig metode for å ha orden i dataa og for å svare på problemstilling saman med forskingsspørsmål.

Tematisk analyse er ei teoriuavhengig tilnærming (Johannessen et al., 2020, s. 280). Det vil her seie at ein analyserer innsamla data, utan nokon spesielle teoretiske føringar når det gjeld kva ein skal sjå etter i analysen. Ein kan derimot knytte det opp til for eksempel roller i samfunnslivet (Johannessen et al., 2020, s. 219). Ei rolle kan definerast som ein sosial posisjon som har bestemte forventningar knytt til seg. Den sosiale posisjonen kan vere til dømes kjønn, yrke, religion – eller ein posisjon som papirlaus migrant. Eitt enkelt individ kan ikkje definerer ei rolle på eiga hand, men det er kollektivet som definerer desse posisjonane (Johannessen et al., 2020, s. 220). Gitte posisjonar kan bli utsette for negative sanksjonar, både uformelle og formelle. Uformelle negative sanksjonar kan vere til dømes utfrysing og oppgitte blikk, medan formelle negative sanksjonar kan vere avslag på asylsøknad (Johannessen et al., 2020, s. 221).

Samtalane eg har utført med informantane vil hjelpe med å få svar på forskingsspørsmåla. Ved å bruke denne analysen skaper ein orden og kan identifisere nye samanhengar i innsamla data (Johannessen et al., 2020, s. 280). Det empiriske materialet eg har samla inn viser korleis papirlause migrantar kjenner seg fanga i Noreg utan moglegheiter til å kunne forsørge seg sjølv eller familien sin. Dei har mangel på rettar, og forstår ikkje kvifor det må vere sånn. Dei kjenner seg ikkje til nytte, og fleire stiller spørsmål som «kvifor er eg her?», «kva er eigentleg meininga med livet no?» og «skulle ikkje Noreg vere landet for menneskerettar?».

2.6 Transkribering og koding

Etter kvart intervju transkriberte eg. Dette gjorde eg ved å fyrst høyre gjennom heile lydopptaket, og skrive ned tema som informantane vektla i samtalen. Deretter hørde eg gjennom lydopptaka på nytt, og transkriberte. Etter at alle transkripsjonane var ferdige, gjekk eg vidare til koding. Dette inneberer at ein deler opp teksten, tar utsnitt og gir kodeord (Thagaard, 2018, s. 153). Sidan det nokon gonger var ei stund mellom kvart intervju fekk eg ikkje gjort dette med alle intervju samstundes. Det gjorde at kodinga vart utfordrande, og eg bestemte meg då for å gjere ferdig alle transkripsjonane før eg byrja å kode. Ved hjelp av slike kodar kan ein søke og finne igjen dei delane av teksten som tar føre seg bestemte tema (Thagaard, 2018, s. 153). Eg bestemte meg etterkvart for at eg skulle ha tematisk analyse som tilnærming i oppgåva. Dette gjorde arbeidet meir motiverande då kategoriane eg delte inn i kom til å forme det som skulle bli oppgåva mi.

2.7 Kvalitet og truverdighet

I avsnittet under vil eg diskutere oppgåva sin kvalitet. For å kunne sei noko om kvaliteten av prosjektet er reliabilitet, validitet og overføringsevne sentrale omgrep for å kunne vurdere dette (Thagaard, 2018, s. 181).

2.7.1 Pålitetsgrad, gyldighet og overføringsverdi

At forskinga har reliabilitet handlar om at den er påliteleg - at datamaterialet er etablert på ein slik måte at lesaren kan stole på resultata i forskinga utan at det feil (Skilbrei, 2019, s. 88). Validitet handlar om gyldigheita til forskinga som er gjort, at den er relevant og truverdige (Thagaard, 2018, s. 181). Overføringsverdi er forståinga som vi får av forskinga, og om den kan vere relevant i andre situasjonar (Thagaard, 2018, s. 182). Ein bør argumentere for at prosjektet har ein generell relevans, og at forskinga er basert på gransking av ein situasjon som kan vere relevant også for andre samanhengar og på eit samfunnsnivå. Dette blir også referert til som teoretisk generaliserbarheit. Som nemnt tidlegare er forskinga er basert på intervju med papirlause migrantar, frivillige organisasjonar og offentlege instansar som kastar lys over problemstillingar kring den fyrstnemnde gruppa. Teorien som vert brukt i oppgåva vil hjelpe å undersøkje om funna har ein overføringsverdi til andre situasjonar (Skilbrei, 2019, s. 50).

3. Teoretisk rammeverk

Migrasjon er eit globalt, sosialt fenomen og er ein av dei store endringsdrivarane i verda. På samfunnsnivå verkar migrasjon inn på samansettinga av folkesetnader, økonomi, kultur og det sosiale livet. Men mest av alt påverkar det migrantane. I eit samfunnsvitskapleg perspektiv vert fokuset ofte retta mot korleis det å ha papirlause migrantar er eit sosialt problem (Odden, 2018, s. 34). I denne oppgåva er det likevel perspektiva til migrantane som er i fokus, men også frivillige organisasjonar og offentlege instansar. For å betre forstå det empiriske materialet mitt, vil eg ta i bruk ulike teoretiske inngangar. Det er for det første Pierre Bourdieu (1986) sin teori om handlings- og samfunnsteori og då særleg dei teoretiske omgrepa *habitus* og *kapital*. Denne teoretiske inngangen er aktuell å bruke for å knytte saman tankar, erfaringar og handlingar til frivillige organisasjonar, offentlege instansar og papirlause migrantar. Teori om habitus og kapital vil kunne kaste lys over korleis papirlause migrantar navigerer seg i det norske samfunnet, saman med korleis sosial og kulturell bakgrunn og institusjonelle strukturar opprettheld denne marginaliserte gruppa. Den andre teoretiske inngangen er Nira Yuval-Davis (2006) sin teori om tilhøyrsløse og politikken kring tilhøyrsløse. Yuval-Davis (2006) analyserer korleis menneske har eit behov for å tilpasse seg, i frykt for å verte ekskludert frå eit samfunn eller ei gruppe. Dei ulike posisjonane som ein person har vil kunne avgjere kva maktposisjon hen har i eit samfunn. Tilhøyrsløse er, i følgje Yuval-Davis (2006), sterkt påverka av politiske faktorar. I dette kapitlet vil eg gjere greie for begge teoriene og synleggjere korleis habitus, kapital og tilhøyrsløse påverkar korleis dei papirlause migrantane orienterer seg og vert handsama i det norske samfunnet. Ut i frå teoriene som vert lagt fram vil eg utforske korleis staten og det norske samfunnet manifesterer makta si med å etablere ulike avgrensingar for migrantane. Teoriene vil óg vise korleis kjensla av tilhøyrsløse, for dei papirlause, vert påverka. Gjennom politiske, økonomiske og sosiale avgjersler som vert styrt av staten og samfunnet, kan migrantane verte ekskluderte og marginaliserte, men avgjerslene kan også ha nokre positive sider.

3.1 Habitus

Den franske sosiologen Pierre Bourdieu har vore ein svært innverknadsrik forskar innanfor samfunnsvitskapen (Olsen, Weihe & Hjelseth, 2023). Han vart særleg kjend for teorien sin om *habitus*; at oppveksts- og livserfaringar vert kroppsleggjorde og dannar grunnlag for handlingar og livsval, og *kapital*; at klasserangeringa til mennesket i samfunnet vårt er påverka av sosial, økonomisk, kulturell og symbolsk kapital. Habitus og kapital handlar med andre ord om korleis menneske vert forma av samfunnet og korleis dette kan påverke handlingar, oppfatningar og verdiar. Gjennom livet utviklar mennesket ein veremåte som Bourdieu altså kallar for habitus. Ifølgje Bourdieu (1986) kan habitus avsløre kva for klassemessig, sosial og kulturell bakgrunn ein har. Dette kan påverke posisjonen til ein person vidare i livet. For papirlause migrantar kan deira habitus reflektere både opphavskultur, erfaringar med migrasjon og erfaringar med marginalisering.

Teorien til Bourdieu (1986) kan hjelpe med å kaste lys over korleis situasjonen for dei papirlause er her i Noreg. Habitusen kan vere prega av erfaringar med frykt og usikkerheit som igjen kan påverke handlingane og tankemåtane til dei papirlause. I

introduksjonen gav eg eit døme på dette; papirlause migrantar som fyller ventetida si med politisk handling som kan utfordre og forbetre den usikre og sårbare situasjonen dei er i. Utanfor leirane som vart sett opp i Oslo, som Bendixsen (2015) skriver om i artikkelen sin, vart det organisert demonstrasjonar som var eit resultat av lang ventetid med å få svar på asylsøknaden. Svaret til staten var å gå over fleire av søknadane på nytt, og fleire fekk opphaldsløyve. Dette viser at habitus også kan motivere til handling som kan føre til positive endringar.

3.1.1 Økonomisk og symbolskkapital

Ifølgje Bourdieu (1986, s. 24) er den økonomiske kapitalen rota til dei andre kapitalane. Desse er symbolsk, sosial og kulturell kapital. Økonomisk kapital vil difor kunne påverke kor høg kapital ein person har samanlagt. Ein kan knyte økonomisk kapital til juridisk status, pengar eller kva eigedom ein person har. Dette er noko papirlause migrantar ofte manglar eller har mindre av. Mangel på juridisk status kan avgrense tilgangen deira til ulike tenester som utdanning, arbeid, helse og politiske rettar. Mangel på arbeid og politiske rettar fører vidare til mangel på til dømes bustad, pengar og visse eigedelar. Kva ein migrant har av pengar og eigedelar er sjølvsagt varierende, men kapitalen deira avgjer i kva grad dei har rett på ulike tenester i samfunnet. Dersom ein person har høg økonomisk kapital, vil dette kunne påverke livet vidare. Låg økonomisk kapital gjer altså moglegheitene mindre. Pierre Bourdieu meiner at samfunnet består av individ og grupper som kjemper mot kvarandre for å oppnå høgast mogleg økonomisk, kulturell og sosial kapital (Wacquant, 1991).

Symbolsk kapital handlar om omdømmet og æra som ein person har. Bourdieu (1986) forklarar at menneske som er fødd med høg kapital eller låg kapital vil kunne ta med seg dette og verte påverka av det gjennom livet. Dersom ein person har høg kapital, vil barnet til denne personen mest sannsynleg også få høg kapital. Og dersom ein person med låg kapital får eit barn, vil også kapitalen gå vidare til dette barnet. På den måten vert altså kapitalen oppretthalden gjennom generasjonar, ilag med ulikheitene i det aktuelle samfunnet.

3.1.2 Sosial og kulturell kapital

Menneske utviklar vanar, smak, verdiar og åtferdsmønster basert på den sosiale og kulturelle bakgrunnen ein har (Harker, Mahar & Wilkes, 1990). Den sosiale kapitalen til eit menneske er basert på kva nettverk, sosiale relasjonar og sosiale tilknytningar ein har (Bourdieu, 1986). Dei sosiale relasjonane og nettverka ein knyter kan gi tilgang til både ressursar, informasjon og stønad. Sosiale relasjonar og nettverk kan til dømes vere forhold eller grupperelasjonar. Dersom ein person har ein kjenning som jobbar i eit attraktivt firma, vil ein kunne ha større sjanse til å få ein jobb her enn andre. Sosial kapital består av sosiale nettverk, og kan gå over til økonomisk kapital i form av tilgangar til jobb eller andre goder, og enkelte stader til og med ein adelstittel (Bourdieu, 1986, s. 16).

Kulturell kapital er delt inn i tre kategoriar. Den fyrste handlar om kva for kunnskap, ferdigheiter og utdanning ein person har. Dette opparbeider ein seg gjennom sosialisering og utdanning frå ung alder. Døme på høg kulturell kapital er å snakke fleire språk, ha høg utdanning eller spesielle ferdigheiter som å spele eit instrument. Den andre typen kulturell kapital handlar om fysiske objekt. Om ein har mykje bøker eller dyr

kunst, vil dette gi ein person høg kulturell kapital. Den siste typen går litt inn i den fyrste, nemleg utdanning. Om ein har gått på ein prestisjefull skule, kan ein få fordelar i eit jobbintervju som personar med lågare utdanning eller "dårlegare" skule ikkje får. Kulturell kapital kan under visse vilkår gå over til økonomisk kapital i form av utdanningskvalifikasjonar (Bourdieu, 1986, s. 16)

Kapitalane er innebygde i samfunnet vårt, noko som kan skape problem. Diskriminering vert oppretthalde ved at personar ikkje har eller får same rettar og moglegheiter som andre med høgare kapital (Strand, 2018). Grupper med låg kapital vil ikkje krevje for mykje, eller sette seg i ein situasjon der det kan skje ei konkret handling, som til dømes deportasjon. Dette vert kalla strukturell diskriminering. Ifølgje Bourdieu (1986, s. 15) er kapital oppsamla arbeidskraft. Dersom eit samfunn ikkje har kapital, vil kven som helst oppnå kva som helst og når som helst. Med kapital som utgangspunkt kan ein, meiner Bourdieu (1986, s. 15) sjå strukturen og funksjonen i eit samfunn. Fyrste del av denne teorigjennomgangen har fokusert på Pierre Bourdieu (1986) sin teori om kapital og habitus. Med bruk av denne teorien kan ein undersøke korleis livet til papirlause migrantar vert påverka av sin eigen og andre sin kapital i det norske samfunnet. Kapital og habitus avgjer kva moglegheiter ein har i notida og framtida, og dette verkar inn på dei papirlause sin status.

3.2 Tilhøyrsløse

Nira Yuval-Davis (2006, s. 197) diskuterer i sin tekst "Belonging and the politics of Belonging" tilhøyrsløse og politikken kring det å høyre til. Å tilhøyrsløse er ein kjensle, det å kjenne seg heime. Politisk tilhøyrsløse gjeld spørsmål som: om ein person beveger seg inn i ein stat, eller eit territorium, har hen då rett til å vere der? Det er maktstrukturane i eit samfunn som avgjer kor grensene for tilhøyrsløse går - om ein høyrer til eller ikkje. Politikken kring tilhøyrsløse kan vere nyttig for å skildre kvifor og korleis ein person eller ei gruppe menneske kan verte ekskludert, eller inkludert. Yuval-Davis viser også korleis menneske vert svært påverka av medlemskapet dei har i eit samfunn, eller mangelen på det same (Yuval-Davis, 2002, s. 198). Som eit resultat av mangel på opphaldsløve endar dei papirlause migrantane i ein situasjon med låg kapital. Dette gjer det vanskeleg for migrantane å bli inkludert i samfunnet på same måte som norske statsborgarar. Difor kan dei ende opp med ein mangel på tilhøyrsløse. Ifølgje Yuval-Davis (2006, s. 202) blir menneske meir usikre på eigen identitet dess meir trua dei er og jo mindre trygge dei kjenner seg. Situasjonen til informantane mine gjer at dei vert sett i ein usikker posisjon. Dette påverkar kjensla av tilhøyrsløse. Yuval-Davis (2006, s. 199) meiner at ein kan høyre til på ulike måtar. Det er ein måte å identifisere seg med noko, eller nokon. Sjølv om informantane ikkje kjenner tilhøyrsløse til det norske samfunn, kan dei kjenne tilhøyrsløse til kvarandre på mottaket. Tilhøyrsløse kan delast opp i tre kategoriar. Den fyrste er sosiale lokasjonar som dreier seg om plasseringa til ein person i eit samfunn. Med dette meiner Yuval-Davis (2006, s. 199) ein person sin økonomiske status, utdanning og yrke, og til slutt geografisk plassering. Den andre handlar om individet sine tilknytningar til ulike grupper - enten det er fellesskap når det gjeld kultur, etnisitet, kjønn eller seksualitet så kan personen kjenne ei tilhøyrsløse her. Den tredje og siste kategorien er etiske og

politiske verdiar. Personar kan kjenne ei tilknytning til andre gjennom idear om til dømes rettferd eller likestilling.

Hana, Abel og Mehdi kjenner ei tilhøyrsløse til andre menneske på mottaket. Sjølv om det kan vere vanskeleg å bu med andre ein ikkje kjenner frå ulike land og etnisitetar, kjenner dei også på eit fellesskap. Fleire av bebuarane på mottak er i same situasjon, og kan ha dei same kjenslene og tankane om frustrasjon, sårbarheit og håplausheit. I den andre delen av teorigjennomgangen har eg gjort greie for teorien til Yuval-Davis (2006) om tilhøyrsløse og politikken kring tilhøyrsløse. I denne oppgåva vil eg bruke teorien til Yuval-Davis om tilhøyrsløse ved å knyte den opp til papirlause migrantar i mottak, og korleis dei kan kjenne på eit fellesskap. Den andre, politisk tilhøyrsløse, vil eg knyte opp til korleis innvandringspolitikken i Noreg påverkar dei papirlause sin status. Teorien kan vere nyttig å bruke for å få fram migrantane sitt perspektiv og det politiske perspektivet knytt til papirlause sin situasjon i Noreg.

3.3 Nytte

Pierre Bourdieu (1986) sin teori og omgrepa kapital og habitus kan bidra med ei forståingsramme for kva for moglegheiter moglegheiter papirlause migrantar har i samfunnet. Den viser kor viktig det er å ha tilgang til dei har til ulike former for kapital og dermed kor vanskeleg det er for å klare seg utan slik kapital - slik tilfellet er for papirlause migrantar utan opphaldsløyve. Dei har svært avgrensa tilgang til ressursar for å kunne klare seg i Noreg. Bourdieu sin teori (1986) kan hjelpe å kaste lys over korleis kapital gjer at papirlause migrantar får avgrensa tilgang til velferdstenester som til dømes helse, økonomi, sosial- og omsorgstenester. Myndighetene manifesterer makta dei har over migrantane med hjelp av den høge kapitalen dei har, og får dermed ein kontroll over migrantane. Politikken som staten styrer er då med på å avgjere korleis kapital og habitus kan påverke eit menneske sitt liv. Det kan vere både positivt og negativt. Dersom ein kjem til Noreg og ikkje kjenner nokon, har ein gjerne låg sosial kapital og kan oppleve problem med å gå tilgang på velferdstenester. Om ein får eit større nettverk eller gode sosiale relasjonar, kan det bli lettare å få tilgang til helse-, økonomi- og omsorgstenestene.

3.4 Oppsummering

Dette kapitlet har vist korleis teori om kapital og habitus (Bourdieu, 1986) og teori av Yuval-Davis (2006) om tilhøyrsløse og politikken kring det kan nyttast til å forstå forholdet og dynamikken mellom situasjonen til enkeltindivid og samfunnsmessige maktstrukturar. Bourdieu (1986) foreslår at menneske vert delt inn i ulike kategoriar frå fødselen. På toppen finn me "eliten". Dersom ein vert fødd med ein forelder i eliten, vil barnet få tilgang på fleire godar enn det eit barn som er fødd med ein foreldre med låg kapital vil ha. Eg har valt å bruke denne teorien då eg tykkjer den er svært relevant i høvet til tema i denne oppgåva. Kapital og habitus avgjer kva val eit menneske tar i livet, og desse vala kan påverke andre menneskeliv. Teorien kan med andre ord verte knytt til uendeleg med samfunnsrelaterte emne, men spesielt når det gjeld kvifor menneske tar dei vala dei gjer og kva utfallet blir. Bourdieu (1986) meiner at det er mennesket som vert forma av samfunnet. Dei veremåtane som mennesket utviklar, kallar Bourdieu for

habitus. For papirlause vil deira kroppsleggjorde erfaringar frå flukt og det tidlegare livet i opphavslandet, kunne påverke livet deira vidare. Habitus kan reflektere kor stigmatisert dei papirlause lever i Noreg, og kan gje ei forståing for situasjonen som dei er i.

Yuval-Davis (2006) meiner at alle menneske treng å høyre til ein plass. Å høyre til kan vere ei kjensle, det å føle seg heime. Politisk tilhøyrsløve handlar om å ha opphaldsløyve i ein geografisk region – innafor ei statsdanning. Sidan dei papirlause migrantane ikkje har opphaldsløyve, dukkar det opp spørsmålet om dei har lov til å opphalde seg på norsk territorium opp. Det å opphalde seg ein stad der ein ikkje har politisk løyve til å vere, påverkar sjølvstendig eit menneske på grunnleggande vis. Det er den mest ekstreme forma for eksklusjon. Det å kjenne seg heime kan ein gjere fleire stader og det er vanleg for menneske å identifisere seg med ei eller fleire grupper. Fellestrekk for ei gruppe kan vere religion, etnisitet, kjønn, seksualitet e.l. Ein kan kjenne seg heime og inkludert i slike grupper innafor ein stat sjølv om ein skulle vere ekskludert av den overordna statsdanninga. Å høyre til er viktig for menneske for ikkje bli ekskludert i eit samfunn. I lys av teorien til Yuval-Davis så kan ein sjå at dei papirlause har lyst til å ha ein heim, å kjenne at dei høyrer til. Teorien er relevant å bruke for å diskutere korleis migrantane, sjølv i ein vanskeleg situasjon der dei ikkje har lyst til å vere, identifiserer seg med andre menneske for å finne stønad og motivasjon. Å kjenne at ein tilhøyrar ei gruppe vil kunne gi motivasjon og håp for framtida.

4. Migrasjonsprosessen

I tre analysekapittel vil eg ved bruk av tematisk analyse gjere greie for tema som speglar erfaringar og opplevingar om korleis det er for ein papirlaus migrant å gå gjennom ein migrasjonsprosess. Kapitla vil vise korleis det er å leve eit liv som papirlaus i Noreg. Eg vil utforske korleis Noreg som stat tek i mot og handsamar migrantane i dei ulike situasjonane, som til dømes innkomst til Noreg, livet på mottak og korleis migrantane får eit fot innafor i det norske samfunnet. For å best mogleg framstille og formidle funna mine har eg valt å dele analysekapitla opp i tre hovudtema. Tema vil her vere flukt og innkomst til Noreg, livet i Noreg og handsaming frå samfunnet og livet sine avgrensingar, moglegheiter og tru. Kvart kapittel går djupare inn på spesifikke emne ved erfaringane til informantane.

Det fyrste analysekapittelet utforskar korleis migrasjonsprosessen vert opplevd av informantane som eg har intervju. Migrasjonsprosessen inkluderer flukta til Noreg, innkomst til Noreg og korleis migrantane kjenner at dei vert handsama i Noreg - både av organisasjonar, offentlege instansar og det norske samfunnet generelt. Her vil eg også gi innsikt i korleis organisasjonar og offentlege instansar arbeider for å ta vare på migrantane. Det andre analysekapittelet analyserer migrantane sine eigne opplevingar kring livet og opphaldet i Noreg. Her utforskar eg korleis dei papirlause opplever interaksjonen med myndigheitene og erfaringane deira frå asylmottak. Det tredje analysekapittelet presenterer i hovudsak intervju eg har hatt med offentlege instansar og frivillige organisasjonar. Her vil eg analysere kva dei gjer for å støtte papirlause migrantar ved innkomst og vidare. Eg vil også analysere kva migrantane opplever som avgrensingar og moglegheiter med å bu i Noreg. Ved hjelp av sitata til informantane vil eg i analysen prøve å bidra med ei djupare forståing av forteljingane og erfaringane deira som lengeverane papirlaus migrant i Noreg. Analysen er basert på tre ulike intervju med tre papirlause migrantar som har budd i Noreg meir enn sju år. Eit intervju er med ein tilsett i ein offentleg instans og til slutt er to intervju med to tilsette i frivillige organisasjonar i Noreg.

4.2 Erfaringar frå flukt

I dette kapittelet vil eg introdusere dei tre papirlause migrantane som eg har intervju. Eg har valt å kalle dei Mehdi, Hana og Abdi. Alle tre er frå eit afrikansk land og har flykta frå opphavslandet og til slutt kome til Noreg. Dei er alle lengeverande papirlause migrantar. Eg vil gjennom intervju illustrere korleis informantane har erfart flukta og innkomsten sin til Noreg. Dette kapittelet vil difor svare på følgande forskingsspørsmål:

Kva for utfordringar møter papirlause migrantar på i migrasjonsprosessen?

Korleis vert migrantane handsama av offentlege instansar og frivillige organisasjonar?

Intervju eg har gjennomført er med tre personar som har fått endeleg avslag på asylsøknaden sin, og som no har status som papirlaus migrant i Noreg. I kvart intervju valde eg å spørje om flukta til Noreg fyrst. Dette var av ulike grunnar. Fyrst og fremst så er reisa deira ein sentral del av opplevinga og erfaringane deira. Det kan hjelpe å betre

forstå dei overveldande justeringane som Hana, Mehdi og Abdi ilag med fleire flyktningar har måtta gjort. Flukta til Noreg har vore eit tema som informantane skildrar i detaljerte bilete. Eg ynskte å starte med dette temaet og for med det å legge grunnlaget for ein meir omfattande og inngåande samtale om livet og erfaringane deira her i Noreg. Dei har alle vore innom fleire land på vegen. Flukta har kome i stand av ulike årsaker, men alle har opplevd nådelause påkjenningar både fysisk og psykisk. Flukta har vore motivert av til dømes krig, dårlege levevilkår, økonomi og politikk.

Abdi: Det var desember 2010. Fra opphavlandet så reiste jeg til Europa. [...] Jeg betalte masse penger for å komme meg dit. I Europa ble jeg intervjuet av myndighetene i det landet jeg kom til, og papirene mine ble godkjent. Det ble sendt ut søknad om det var noen land som kunne ta meg imot. [...] Det var Norge som godtok og henta oss. [...] Noen ble sendt til Tyskland, Sverige, noen til Nederland, og jeg var en av de som kom til Norge. [...] Jeg hadde i tankene at "da er det nok plass til meg i Norge". Men da jeg kom hit fikk jeg ikke papirer. Jeg synst det er så urettferdig at jeg ble sendt hit, men så vil ikke Norge ha meg.

Etter flukta til Europa hadde Abdi store forhåpningar om at han skulle verte godkjent. Sidan Noreg tok imot Abdi trudde han at moglegheita for å få opphaldsløyve i Noreg var relativt stor. Noreg aksepterte søknaden hans, noko som kunne indikere på at Noreg ville gi beskyttelse til han, men det var ikkje tilfellet. Abdi uttrykkjer frustrasjon over at då han vart sendt til Noreg, fekk han ikkje dei nødvendige papira. Grunna statusen sin kan ikkje Abdi returnere til heimlandet sitt, eller prøve på nytt i eitt anna land. Difor kjenner han på usikkerheit og sårbarheit kring situasjonen han var i, og endå er i. Statusen til Abdi påverkar tilgangen til fleire tenester, rettar og moglegheita til å etablere seg. Personar utan opphaldsløyve i Noreg opplever altså brot på menneskerettar, og Noreg vert stadig kritisert for å ha for strenge lover for papirlause migrantar (Meld. St 85 (2022-2023), s. 2). Når det gjeld reglar og lover for papirlause migrantar i dei nordiske landa, er dei ganske restriktive (Bendixsen, Jacobsen & Søvig, 2015, s. 34). I Noreg vert livet til borgarane si velferd og sosiale liv styrt av staten og den offentlege sektoren. Dette har ein ekskluderande effekt for papirlause migrantar.

Abdi: Jeg har hørt så mye bra om Norge, men jeg føler meg fengsla her. Det er begrenset for hva jeg får til å gjøre. [...] Nå har jeg lange lenker festa til hendene mine. Jeg får ikke prøve sjansen min en annen plass heller. Ja, jeg føler meg fengslet.

Abdi uttrykkjer sterke kjensler og fortel om brutale erfaringar om korleis det kan vere å leve som papirlaus i Noreg. Dette inkluderer grunnleggjande avgrensingar og mangel på fridom, trass i at han berre har høyrte positive ting om Noreg før. Han skildrar juridiske hindringar som stoppar han i å leve eit liv med fridom og moglegheiter. Dette peiker på behovet om å adressere spørsmål knytt til menneskerettar, inkludering og retten til fridom for alle i Noreg – opphaldsløyve eller ei. Eit statsborgarskap er ein status som vert gitt til dei som er fullverdige medlemmar av eit fellesskap (Marshall, 2014, s. 5). T.H. Marshall (2014) skriv i sin tekst om medborgarskap at sosiale rettar er svært viktig å ha i eit samfunn for å kunne ha mindre økonomiske, politiske og sosiale forskjellar – noko som også gjer forskjellen mellom menneska mindre. Usynleggjering, diskriminering og kriminalisering av denne gruppa gjer at informantane kjenner seg fanga og utan moglegheiter. Abdi brukar metaforar som illustrerer korleis papirlause i Noreg kjenner seg som kriminelle, utan å ha utført ei kriminell handling. I ein rapport frå fafo, skrive av

Ragna Lillevik og Guri Tyldum (2021, s. 8) kjem det fram at det er eit mål å gjere det vanskeleg for papirlause å bu i Noreg. Reglane er slik for at flest mogleg skal velgje å forlate landet sjølv, men i verkelegheita skaper det store sosiale problem for papirlause. Då eg intervjuar Mehdi fortalte han meg ei lang historie om erfaring frå mottak. Mehdi lista opp alle mottaka han hadde budd på dei siste ti åra. For å få meg til å forstå situasjonen han er i, forklarte han at "slik er livet som i mottak, og som papirløs i Norge".

Mehdi: Etter Oslo ble jeg flyttet til et mottak i Mandal, og der var jeg i fem måneder. Det ble avgjort at mottaket skulle leggest ned, og jeg ble dermed flyttet på nytt – denne gangen til Ski i Telemark. Her var jeg i 1 år før også dette ble lagt ned. Igjen ble jeg flyttet på, og flyttet videre til et svært isolert mottak ved Gardermoen. Oppholdet her var mindre enn 1 år før leiren ble stengt. Neste mottak var Dikmark ved Asker og her ble jeg i 2 år. Også denne ble lagt ned når jeg var der. Deretter ble jeg flytta til Vang i Oppland, og som vanlig ble også denne leiren lagt ned. Nå er jeg på mitt 3 år i mottak og mitt tiende år i Norge. Slik er livet på mottak, og som papirløs flyktning. Jeg ventet et helt år på svar fra UDI, men fikk til slutt avslag.

Mehdi teiknar eit bilete av korleis politikken i Noreg i praksis forsøker å kontrollere migrantane. Dette gjer dei ved å avgrense dei papirlause til små og aude område, stadig nedlegging av mottak og ved å få dei til å regelmessig flytte til nye stader. Det kan tolkast som at staten brukar makta si for å poengtere kontrollen dei har over dei papirlause og at den beste metoden for å drive denne gruppa ut frå Noreg, er gjennom å disiplinere. I sitatet nedanfor fortel Hana at det ikkje var fleire moglegheiter att for ho i opphavslandet, og at naboen difor hjalp ho å flykte. Destinasjonen var uviss, men alt verka å vere betre enn heimlandet der ho vart handsama på lik linje med eitt av dyra. Ho opplevde ei umåteleg undertrykking og diskriminering. Håpet ved å kome til Noreg, var å verte handsama som eit likestilt menneske – og kvinne. Sitatet til Hana illustrerer korleis papirlaus migrasjon kan vere eit resultat av manglande moglegheiter eller desperat dårlege kår i opphavslandet.

Hana: Det var naboen som hjalp meg å komme hit. Hun tok kontakt med en smugler, og deretter ble jeg smuglet til Norge. Da visste jeg ikkje at jeg skulle til Norge. [...] Jeg var veldig redd, for jeg visste ingenting. [...] Det var egentlig naboen som hjalp meg med alt, spesielt å flykte fra de jeg bodde hos. Mer eller mindre så hadde jeg tvangsarbeida der jeg bodde. Nabodama sa at 'det er ikke noe vits at du skal bli her. Det er bedre om du drar til Europa der menneskerettigheter er respektert og ivaretatt.'

I Europa er det strenge grensekontrollar og for så vidt lett å identifisere irregulær migrasjon (Odden, 2018, s. 31). I Noreg er det Utlendingsdirektoratet (UDI) som registrerer innkomstar, søknadar om asyl og opphaldsgrunnlag (UDI, u.å.). Likevel er det ein god del papirlause som ikkje vert oppdaga i Noreg. Det er UDI som har ansvaret for å behandle asylsøknadar ilag med drift av asylmottak og utvisningssaker (Regjeringa, u.å.). Eit av måla deira er å leggje til rette for lovleg innvandring og sørge for at dei som oppfyller føresetnadane, får opphald. Ifølgje Amnesty (2009) får ikkje menneske utan opphaldsløyve oppfylte sine grunnleggande menneskerettar i Noreg. Dette inkluderer helsehjelp, mat og varme klede.

4.3 Innkost til Noreg

Det å flykte er ein svært krevjande og belastande prosess for eit menneske. Fleire reiser frå familie og vener - utan moglegheit til å kommunisere på eit språk dei kjenner. Flyktningane vil kunne vere påverka av redsel, sjokk, sorg og sinne knytt til både fortida, notida og framtida (NKVTS, UÅ). Dei kan også vere påverka av mangel på søvn eller skremmande tankar etter farefylte situasjonar som dei har gått gjennom. Dette kan spesielt påverke dei som reiser irregulært grunna bekymringar for framtida. Migrasjonsreisa kan innebere mangel på mat, drikke og helsehjelp. Det er også ein risiko for at eit familiemedlem eller ven dør - eller at ein sjølv risikerer livet (Odden, 2018, s. 182). På helsesenter for papirlause skildrar dei migrantar som har opplevd dramatiske valds- og kringserfaringar og som har opplevd politisk undertrykking og religiøs forfølgning i opphavslander (Bendixsen et al., 2015, s. 169). Dette kan også innebere tortur, valdtekt, fattigdom og svolt. Det å leve med usikkerheit og redsel er også noko Hana har opplevd. Ho fortel:

Hana: Jeg kom sammen med smugleren. Jeg ble satt et sted først, og etter det ble jeg sendt til politiet der jeg søkte asyl. Jeg var veldig redd, for jeg visste ingenting. [...] Jeg hadde jo ikke hatt noe skole eller noe, og til vanlig var det nabodama som hjalp meg med alt. [...] Jeg har ikke noen som kan trøste meg, jeg er alene. Så det er veldig tungt.

I sitatet over skildrar Hana korleis det kan vere for flyktningar å kome til Noreg. Grunna mangel på skulegang og at ho var åleine, følte ho seg rådlaus. Ho peiker på at det var mangel på informasjon om kva som skulle skje. Fleire flyktningar som Hana flyktar åleine, og det er difor mange som slit med kjensla av utanforskap og einsemd. Dei flyktningane som kjem åleine til Noreg, vert ofte plassert på veldig små rom med menneske dei ikkje kjenner. For mange er dette ei påkjenning for både den fysiske og psykiske helsa.

Hana: Å bo her i Norge er veldig vanskelig. Jeg vil ikke noe annet enn å få papir, og jeg kan ikke se lyset i tunellen. [...] Jeg føler meg tapt, og som en fange. I mottak følte jeg det var en jungel med 150 stykk som bodde der. Det var alle mulige typer mennesker. Menn, kvinner og barn. Det var folk fra arabiske land, fra Etiopia, Somalia og Eritrea. Men det var et slags fellesskap fordi vi hadde jo ingen andre, og vi var i samme situasjon.

I Noreg er det to ulike typar mottak: transittmottak og ordinære mottak. Opplevinga med å bu på mottak varierer veldig. Transittmottak er meint til å vere ein mellombels bustad, før dei blir flytta til eit ordinært mottak (UDI, u.å.). Her vert asylsøkjjarane intervjuva i tillegg til at dei får ein helsesjekk. I ordinære mottak bur asylsøkjjarar som ventar på at søknaden skal bli handsama, og papirlause migrantar med avslag. Alle avviste asylsøkjjarar får tilbod om å bu på mottak (Bendixsen et al., 2015, s. 204). Per 2024 er det 62 ordinære mottak i Noreg (UDI, u.å.). Både Hana, Mehdi og Abdi bur på eit ordinært mottak. Det kan vere utfordrande for papirlause å bu på mottak ettersom dei kan verte deportert når som helst. Landa som Hana, Mehdi og Abdi kjem frå gjer at dei ikkje nødvendigvis kan bli deportert når som helst, men det gjer derimot ikkje at frykta for å bli deportert går vekk. I lys av Yuval-Davis (2006) sin teori om tilhørslse, kan ein

sjå i sitatet over at Hana kjenner seg tryggare på mottak ved at bebuarane får eit fellesskap. Dei er i same situasjon, og dette kan utvikle opplevinga av tilhøyrse.

Tilsett i PU: Det er mål om tid, og den enkelte migrant kan når som helst selv samvirke til å kunne reise hjem. Så derfor er ikke "ureturnerbare" et begrep vi er så glad i. Vi mener at det finnes nesten ingen ureturnerbare [...] for du vet jo at som papirløs migrant i Norge så har du begrenset med rettigheter.

Politiets utlendingseining (PU) er eit særorgan og politiet sin hovudaktør på migrasjonsfeltet i Noreg (Husby, 2024). PU assisterer politidistrikta med identitetsundersøking og samlar informasjon om personar med ulovleg opphald i Noreg. For at Noreg skal kunne returnere migrantar til opphavslandet, må dei ha ein returavtale. Denne avtalen må dei ha med landet som migrantane skal returnere til (Eide i Odden 2014). Til dømes så signerte Noreg og Etiopia ein slik avtale i 2012, men likevel aksepterer ikkje Etiopia eigne borgarar som skal returnerast med tvang. I 2001 vart Schengensamarbeidet oppretta (Baahus, 2021). Målet var å opprette eit tettare samarbeid mellom nokre av EU-landa for å arbeide mot kriminalitet over landegrensene (Regjeringen, 2022).

Tilsett i PU: Det å ha tydelige og klargjorte regler for hva som gjelder, og visst det forhindrer at vi får mange som kommer ubegrunna og som vil havne i rollen "papirløs" - så er det bedre å forebygge det enn å reparere det. Så det tenker jeg er et viktig prinsipp. Det er bedre at vi har en tydlighet som gjør at det blir færrest som kommer og at flest mulig av de som kommer faktisk får beskyttelse. Det tenker jeg er et viktig perspektiv i forhold til det enkelte mennesket her.

4.4 Mottakssystemet

Abdi: [...] man er i et rom, kanskje det er to stykker eller kanskje det er trangt. [...] Alle har jo sine utfordringer, men alle er vel enige om at man ikke bli så godt tatt imot. Alle føler det likt – at man føler seg fengsla. [...] Jeg synst ikke Norge burde ta imot dersom de ikke kan legge til rette for det. Andre land kunne jo ha tatt meg imot. [...] Der er virkelig ikke lagt rette for at man skal klare seg som papirløs her.

Innkost til Noreg vil innebære interaksjon med myndighetene, plassering på mottak, og store omstillingar for personane som kjem til eit heilt nytt land. Mottakspolitikken i Noreg har vore knytt til eit ynskje om å integrere migrantane i samfunnet (Bendixsen et al., 2015). Menneske som søker asyl i Noreg har rett til ein stad å bu medan dei ventar på at søknaden deira skal verte behandla (UDI, u.å.). Papirlause må bu der dei får tildelt plass. Tidleg på 2000-talet opplevde Noreg eit aukande tal av migrantar med avslag, noko som gjorde at Noreg endra politikken retta mot migrantane. Endringa resulterte i innstramming og dei papirlause mista den økonomiske stønaden som dei tidlegare hadde fått, og mange vart kasta ut av mottaka dei budde på (Brekke 2008 i Bendixsen et al., 2015, s. 205). Metoden vart brukt for å forhindre at fleire skulle kome, og at fleire skulle returnerte til opphavslandet sitt frivillig. Slik er det ikkje no. Påverknad frå

politikarar, sosialarbeidarar, humanitære organisasjonar og aktivistar gjorde at ein no gir assistanse til papirlause migrantar med avslag (Bendixsen et al., 2015, s. 205).

Hana: De hadde sånn transitt-opplegg. Og jeg skulle være på et mottak helt til jeg fikk svar på søknaden min. [...] Her var det vanskelig og tungt å bo. [...] Det var alle mulige mennesker der, men vi var jo alle i samme situasjon. (...) Vi støttet hverandre, men det var og veldig tungt. Hver uke så kom det jo svar for mange at de fikk oppholdstillatelse, men så var vi mange som aldri fikk det... Vi ble veldig såret.

Mottaka og staten har ein kontroll over migrantane. Frå mottaka sitt perspektiv vil dei hjelpe og assistere – gi dei mat, rutiner og struktur på kvardagen. Migrantane kjenner derimot at dei vert kontrollerte og handsama som born, utan moglegheit til å kunne forsørge seg sjølve (Bendixsen et al., 2015, s. 209). For fleire migrantar er det store utfordringar knytt til det å bu på mottak. Tidlegare justisminister Knut Storberget uttrykte i 2010 at mottak i Noreg representerer vår gode vilje, og at det er migrantane sin feil at dei ikkje returnerer (Regjeringa, 2010). I Bendixsen et al. (2015) poengterer dei at det vert brukt strategiar på mottak for at dei papirlause skal returnere frivillig. Dette inneber blant anna å plassere dei på mottak der tilstanden er så dårleg at dei sjølv bestemmer seg for å returnere (Bendixsen et al., 2015, s. 213).

Abdi: Det er jo veldig dårlige omstendigheter for å få til det sosiale. Badet, stua, kjøkkenet er det 10 stykk som deler. I tillegg til det blir man flytta veldig mye rundt, så når du først begynner kanskje å komme nærme noen og får et bedre samhold, så blir man plutselig flytta til et nytt asylmottak. Og bare på fem-seks år så har jeg flyttet på meg seks ganger, dette er det syvende mottaket. Så man er en plass, kommer litt nærme noen så blir man flytta og må starte helt på nytt.

Erfaringane og opplevingane knytt til det å bu på mottak kan variere etter plassering, alder, kjønn og etnisitet. Fleire kjenner eit samhald med menneske frå same etniske gruppe, og det kan vere vanskeleg å stå åleine (Bendixsen et al., 2015, s.215). Det spørst også om ein er plassert i eit institusjonsprega mottak, eller eit desentralisert mottak. Institusjonsprega mottak er bygdningar der migrantane bur fleire på rom og deler både bad, kjøken og andre fellesareal (Bendixsen et al., 2015, s. 215). Desentralisert mottak er mottak der migrantane bur i leiligheiter og nabolag saman med norske statsborgarar. Nokre tykkjer det er einsamt å bu på desentraliserte mottak, medan andre tykkjer det er sjølvstendigjerande. Hana, Mehdi og Abdi bur i ordinære mottak som er institusjonsprega.

Hana: Jeg bor på et ordinært mottak. Der jeg bodde før var det et slags fellesskap, og det var nok fordi vi hadde mer håp da. At vi skulle få oppholdstillatelse og bli plassert i en kommune. Det mottaket jeg er på nå er det mennesker som har bodd her rundt 15-16 år. De har på en måte hardnet, og det er ganske mye sinne. De har mistet håpet. Så på det viset har det forandret seg fra de to mottakene – fellesskapet er ikke det samme. [...]

4.5 Statlege og frivillige

For å få eit breiare perspektiv på korleis papirlause migrantar vert handsama i Noreg har eg også intervjuet to personar frå to ulike frivillige organisasjonar og to personar frå offentlege instansar. Dei frivillige organisasjonane eg har intervjuet arbeider for å støtte lengeverande papirlause migrantar i Noreg ved å tilby forskjellig økonomisk assistanse, forsyne dei med busskort om dei har moglegheit og til tider organisere aktivitetar som kan bidra å gjenopplive håp og motivasjon blant migrantane. Dei hjelper også med å informere gruppa om kva rettar dei har i Noreg som papirlaus. Det gjeld til dømes helsehjelp. I Noreg vert drifta av mottak styrt av kommunar, private aktørar og frivillige organisasjonar – der sistnemnde vert ein del av migrasjonskontrollen grunna rolla deira (Bendixsen et al., 2015, s. 212-213). Denne rolla inkluderer hjelp av asylsøklarar her i Noreg, og grensekontrollerande formål har blitt ein del av arbeidet deira.

Tilsett i frivillig organisasjon: [...] mottakene er ofte plassert isolert. Jeg vil tro at det påvirker deres liv her i Norge. Og det virker som at politikken vil at du skal være isolert. De legger jo ned store mottak, de som er nærmest storbyene.

Hada, Mehdi og Abdi bur alle tre på mottak, men lever likevel utanfor det norske samfunnet. Migrantane vert utsett for ulike stressande og tunge situasjonar som gjer dei til ei svært sårbar gruppe.

Tilsett i offentlig instans: Personer uten lovlig opphold i Norge har få rettigheter til helsehjelp, utdanning og arbeid. De som velger å leve utenfor asylmottakene, eller personer som ikke har søkt asyl og ikke har rett til mottaksplass, er avhengige av andre for å overleve i Norge. De er dermed ekstra sårbare for å bli utnyttet i vold, i arbeidssammenheng, eller kriminalitet. Vi samarbeider også med frivillige humanitære- eller diasporaorganisasjoner som treffer migranter utenfor asylmottakene og kan informere om assistert retur fordi de har tillit og tilgang hos migrantene.

Den tilsette poengterer mangelen på rettar som dei papirlause har i Noreg, men meiner også at det er migrantane sjølve som vel å bu utafor asylmottaka og dermed risikerer sjansen for å bli utsett for uynskte situasjonar. Det er her viktig å hugse på den frykta som fleire papirlause migrantar har for å bli deportert. Det er gjerne grunnen til at mange papirlause som vel å ikkje bu i mottak. Fleire av dei kan av ulike grunnar ikkje verte deportert, og vel difor å bu på mottak sjølv om frykta for å bli deportert alltid er der. Det å velje å bu på mottak skjer ofte ut av mangel på andre moglegheiter til bustad (Bendixsen et al., 2015, s. 217). Vidare fortel den tilsette at dei har god kontakt med frivillige organisasjonar for å nå ut til migrantane med informasjon om assistert retur. Basert på intervjuet eg har gjort, så meiner migrantane dette er for at offentlege instansar skal fremje si eiga sak, og ikkje for å høyre på erfaringane til dei papirlause migrantane.

Hana: Vi fikk besøk av en politiker. Han sa jo egentlig at de som ikke har papir, og som har fått avslag, egentlig bare burde dra hjem. Det sa han... og jeg forstår det ikke.

Fassin (2005) utforskar i sin tekst "Compassion and Repression: The Moral Economy of Immigration Policies in France" forholdet mellom medkjensle og undertrykking i fransk

innvandringspolitikk. Fassin (2005) hevdar at Frankrike har ein politisk historie som både tilbyr asyl og beskyttelse, men på den andre sida har dei ein streng politikk som fører til masse arrestasjon og deportasjon – spesielt av papirlause migrantar. Ein kan samanlikne denne politikken med Noreg. Dette inkluderer repressive tiltak for migrantane.

Tilsett i offentlig instans: I år er det et måltall på å få sendt ut 190 mennesker på asyl. De siste årene har dette vært et vanlig tall. I 2016 så hadde vi jo høyt måltall, etterfulgt av flyktningkrise i 2015. Da var det jo veldig mange "såkalte papirløse migranter" som hadde kommet, så da var det høy forventning til antall uttransporter. Vi har dialogen med UDI i forhold til at UDI og registreringa de gjør er i tråd med forventningene som UDI har for å behandle søknadene best mulig. Også har vi da ansvaret for å returnere de avslagspersonene som får avslag på beskyttelse, også vi bistår politidistriktene der det er nødvendig. Spesielt bistår vi oppimot identitet og dialog med hjemland.

Den tilsette i PU skildrar samarbeide dei har med UDI. Kvart år får PU tilsendt eit måltal av migrantar som skal verte sendt ut av Noreg. Han forklarar 2023 var måltalet på 190. PU får tilsendt måltalet og hjelper distrikta i Noreg, dersom det er naudsynt. Det er dermed PU som har ansvaret for å returnere dei papirlause migrantane til opphavslandet.

4.6 Oppsummering

I dette analysekapittelet har eg introdusert informantane som har deltatt i forskingsprosjektet mitt. Lengeverande papirlause migrantar, frivillige organisasjonar og offentlege instansar. Kapittelet har utforska korleis erfaringar dei papirlause; Hana, Mehdi og Abdi - har frå flukt, mottaking i Noreg og kjensler rundt eigen situasjon. I lys av det dei papirlause har fortalt, har eg også utforska korleis frivillige og statlege arbeider med problemstillingar knytt til papirlause migrantar i Noreg. Informantane som er tilsette i organisasjonar og statlege organ har hjulpet å kaste lys over korleis dei ulike instansane opplever situasjonen til dei papirlause. Dei har også bidratt med å forstå betre kva problemstillingar og arbeid dei møter på i kvardagen kring papirlause migrantar i Noreg. Politikken i Noreg tilseier at det ikkje skal vere nokon papirlause migrantar, men det er ikkje dette som er realiteten. For at Noreg skal ha minst mogleg papirlause migrantar vert mottaka haldne på ein standar som er mangelfull, og den økonomiske stønaden er minimal. Kapittelet kastar lys over korleis migrantane opplever å bu i mottak og den mangelen dei har på velferdstenester.

5. Livet i Noreg og handsaming frå samfunnet

Abel: Når jeg forteller andre mennesker hvordan jeg har det her i Norge så spør de meg: "åj, men hva er det du har gjort?". Jeg blir behandlet som om jeg er en kriminell.

Dette kapittelet vil sette søkelyset på korleis livet for dei papirlause migrantane er i Noreg. Kapittelet vil utforske korleis migrantane opplever at dei blir handsama av samfunnet rundt seg. Kapittelet vil presentere og skildre erfaringar frå korleis livet i Noreg er for migrantane. Erfaringane vil teikne eit bilete av korleis dei papirlause migrantane og Noreg som stat opplever og handsamar dei ulike stega i migrasjonsprosessen. Kapittelet vil kaste lys over korleis frivillige organisasjonar i Noreg med bruk av ulike tiltak arbeider for å betre situasjonen til migrantane ved hjelp av ulike tiltak. Kapittelet vil også vise korleis statlege organ i Noreg utfører arbeidet sitt knytt til problemstillingar med papirlause migrantar. Analysekapittelet er basert på intervjuar med dei tre lengeverande papirlause migrantane Hana, Mehdi og Abel. Dei har med sine eigne ord forklart korleis dei møter ulike utfordringar som kan oppstå i kvardagen deira i Noreg. To frivillige organisasjonar bidrar med informasjon om korleis dei arbeider for å inkludere denne gruppa i samfunnet. Intervjuar med tilsette i to ulike statlege organ vil bidra med informasjon knytt til deira arbeidsdagar og dei oppgåvene dei møter på, men også kva for haldningar dei ulike organa har til papirlause migrantar i Noreg. Det andre analysekapittelet vil med det svare på følgjande forskings spørsmål:

- *Korleis opplever papirlause migrantar at dei blir handsama av det norske samfunnet?*
- *Kva tiltak gjer frivillige organisasjonar og offentlege instansar som innsats for å inkludere denne gruppa?*

5.1 Handsaming frå samfunnet

Det er fleire årsaker til at menneske vel å flykte frå opphavlandet sitt. Migrasjon kan vere både frivillig og ufrivillig, lovleg eller ulovleg (Tønnessen, 2024). Europa er eit mål for fleire flyktningar, for å få eit betre liv. Å migrere er ein situasjon som kan vere belastande for eit menneske å gå gjennom. Det kan vere utfordrande å kome til eit nytt land der det er ein anna kultur. Språket er også annleis enn det migrantane kan frå før, og kan vere krevjande å tileigne seg - særleg om dei ikkje har lese og skriveopplæring frå heimlandet. Engelsk fungerer gjerne som lingua franca i Noreg som i store delar av verda, men ikkje alle migrantar kan engelsk (Svendsen, 2021). Manglande språkkunnskapar kan på den måten ha ein ekskluderande og isolerande effekt for dei papirlause migrantane som kjem til Noreg. Det vil blant anna kunne minske forståinga av kva rettar migrantane har til helse- og velferdstenester og føre til at dei vert isolerte frå den norske sosiale fellesskapen. Effektane av mangel på opphaldsløyve i Noreg fører til ein utanforskap, og det er vanskeleg å integrere seg. I følgje Bendixsen (2015, s. 119) har media framstilt papirlause migrantar som ei truande gruppe, samtidig som at dei

papirlause held seg relativt usynlege. Abel uttrykkjer i sitatet under at han erfarer å verte handsama som eit menneske som sit i fengsel for å ha utført kriminelle handlingar.

Abel: Jeg føler jeg blir behandla som at jeg er syk.. eller.. [...] ikke sett, og føler meg mindre verdt enn mennesker som sitter i fengsel for kriminelle handlinger. [...] Jeg får ikke til å gjøre noe her, og jeg får ikke prøve sjansen min en annen plass heller. [...] Jeg får jo ikke muligheten til å jobbe. Jeg er ung, og jeg har en utdanning, men jeg får ikke brukt det på det jeg er flink til. Ja, jeg føler meg fengslet.

Grunna statusen sin så kan ikkje Abel reise ut av Noreg, for då vil han verte sendt tilbake der han kom frå. Dette er grunna Dublin-avtalen. Dublin-avtalen er eit samarbeid mellom EU-landa i tillegg til Sveits, Noreg og Liechtenstein (UDI, u.å.). Avtalen går ut på at dersom ein har søkt asyl i eitt land, og reiser til eit anna, skal ein verte returnert til det landet ein har søkt i. Dette gjer moglegheitene for å starte eit nytt liv ein annan stad umogleg. Det einaste Abel kan gjere, er å vente og håpe på at han ein gong vil få opphaldsløyve i Noreg. Å vente på denne måten kan i følgje Bendixsen (2015, s. 288) gjere at ein kjenner seg kontrollert eller dominert av andre. Ein ventar i håp, og i frustrasjon på at nokon skal ta ei avgjersle (Bendixsen, 2015, s. 288). Abel har fått avslag på asylsøknaden sin og ventar ikkje lenger på svar. Livet hans er uansett sett på pause og det er lite han kan gjere med situasjonen han er i.

Abel: Alle har sine egne utfordringer. Men alle er jo enige om at man blir ikke så godt tatt imot. Alle føler det likt – at de føler seg fengsla. Min situasjon er kanskje litt mer unik, fordi de fleste som jeg har vært borti har kommet her litt mer frivillig mens jeg... Da jeg kom til Europa var det sånn «du kan komme til Norge». Jeg synst ikke Norge burde ta imot dersom de ikke kan legge til rette for det. Altså, det er veldig frustrerende. De har tatt meg med hit... Andre land kunne jo tatt meg imot, og godtatt meg. Men Norge har tatt meg imot, og ikke gjort noe for at jeg kan klare meg her.

Abel uttrykkjer at mange papirlause kjenner på dei same kjenslene at ein ikkje vert spesielt godt tatt i mot i Noreg. Han påpeiker at alle har sine unike saker og har egne utfordringar knytt til desse. Abel påpeikte fleire gongar i løpet av intervjuet at han ikkje skjønar kvifor han vart sendt til Noreg. Han stilte stadig spørsmålet om "kvifor er eg egentleg her når Noreg ikkje vil ha meg?" til seg sjølv. Papirlause migrantar i Noreg vert i stor grad påverka av haldningane frå samfunnet rundt seg. Positive haldningar frå frivillige organisasjonar eller andre aktørar kan hjelpe til med at gruppa vert mindre stigmatisert. Negative haldningar, på den andre sida, kunne forsterke avgrensingane og utfordringane dei papirlause møter i kvardagen. Ein sær viktig faktor for migrantane er kva for politiske tiltak som vert gjort når det gjeld migrasjon i Noreg. Dette kan ha konkrete implikasjonar for saka deira og kan også verke avgjerande på korleis resten av samfunnet stiller seg til dei papirlause og deira situasjon.

Hana: Det hadde vært fint om Norge kunne vært litt mer åpent. At vi kan få jobbe og være selvstendige. Norge er jo et veldig fint land, men vi vil også bidra i samfunnet. Friske mennesker burde få jobbe.

Hana uttrykkjer tankar om at Noreg burde ha ein mindre streng innvandringspolitikk. Menneske som ikkje har lovleg opphald i Noreg har uansett rett til å få råd og rettleiing i

tillegg til økonomisk stønad og hjelp til å finne bustad (Forskrift om sosiale tjenester, personer uten bopel, 2011, § 1). Hana vil kjenne seg sjølvstendig og tene sine egne pengar. Ho meiner at alle migrantar som er friske burde få sjansen til å jobbe, og bidra til det norske samfunnet og velferdsstaten. Bourdieu (1986) sin teori om ulike former for kapital kan vere nyttig for å forstå den statusen som papirlause migrantar har. Uansett kva for utdanning, tidlegare arbeid eller erfaring som migrantane har frå tidlegare, altså kulturell kapital, vil den juridiske statusen avgjere om dei får arbeide eller ikkje. Mangel på lovleg opphald vil altså hindre dei papirlause migrantane i å få arbeid og såleis hindre sjansane deira i å oppnå ein betra økonomisk og symbolsk kapital.

Tilsett i offentlig instans: Det er mennesker vi snakker om. Og det er mange med-mennesker som har empati og viser hjerterom i enkeltsaker. Det synst jeg er en god ting med det norske samfunnet. Men jeg hadde jo håpt at Norge tar imot færrest mulig som ikkje fyller vilkårene for opphold i Norge. Det å ha tydlige og klargjorte regler for hva som skjer, og vi må forebygge fremfor å reparere det.

Den tilsette i PU meiner at den norske befolkninga viser empati og hjerterom for nokre migrantar. Dette er ofte saker som kjem i media og får mykje merksemd. Han meiner at dette er fint, men at Noreg berre burde ta imot menneske som oppfyller vilkåra for opphald. Dette meiner han er naudsynt for å kunne minske talet på papirlause migrantar i Noreg.

5.2 Bustad og integrasjon

Asylmottak er staten sitt tilbod for midlertidig bustad for personar som søker om asyl i Noreg (Baahus, 2022). Ved utgangen av 2020 var det 1757 personar som budde i norske mottak. Migrantane som blir buande i mottak etter avslag på asylsøknaden sin, har rett til å søkje om økonomisk støtte frå UDI, men dei har då ikkje lov til å forlate mottaket (Lillevik & Tyldum, 2021, s. 46). Standaren på mottaka er meint å vere kummerleg, og støtta er svært minimal. Dette er ein strategi for å sørge for at dei ikkje ynskjer å bli verande på mottaka. Dei papirlause migrantane som blir verande i Noreg må nøye seg med desse dårlege standardane. Det vil og seie at staten har kontroll over migrantane, og kan flytte dei på tvers av landet dersom eit mottak vert lagt ned. Dei lever då heller ikkje i skjul, og kan når som helst verte utsett for deportasjon eller tvangsretur. Mottaka er ofte langt unna byen, og med mangel på ressursar har dei papirlause få moglegheiter. UDI forklarar seg med at dette er "konsekvensane" for personar som har fått avslag på søknaden sin, men som ikkje returnerer til opphavslandet (Lillevik & Tyldum, 2021, s. 115). Men forholda på mottak i Noreg varierer, og opplevinga frå mottak varierer frå person til person.

Abel: Vi får beskjed om å flytte. At "nei, denne skal stenge og dere må flytte til neste".

Abel fortel korleis det er å vere lengeverande papirlaus migrant på mottak. Dei bur på eit mottak, det vert lagt ned og dei blir dermed flytta til neste mottak. Fleire av dei som er

papirlause migrantar utanfor mottaka i Noreg lever i konstant frykt for å bli oppdaga av myndigheitene, og dermed bli deportert. Mangelen dei har på rettar gjer at dei kan bli utsett for sosial isolasjon og bli utnytta på ulike måtar. Eg fekk kontakt med ein tilsett i ein offentleg instans gjennom e-post. Då dei ikkje hadde moglegheit til å ha eit digitalt møte med meg, sende eg spørsmål via e-post og fekk svar på desse. Den tilsette ordlegg seg på ein måte som kan tolkast dithen at papirlause migrantar som bur utfor asylmottaka sjølve vel å bli utsett for uynskte situasjonar.

Tilsett i offentleg instans: [...] Vi bruker ikke uttrykket "papirløse migranter". [...] De som velger å leve utenfor asylmottakene, eller personer som ikke har søkt asyl og ikke har rett til mottaksplass, er avhengige av andre for å overleve i Norge. De er dermed ekstra sårbare for å bli utnyttet i vold, i arbeidssammenheng, eller kriminalitet.

Realiteten er at migrantane kjenner dei ikkje kan returnere til opphavslandet sitt. Dette er av varierende grunnar, men det er ofte grunna usemje når det gjeld politikk, religion eller liknande. Mehdi har fortalt sin historie om korleis det er å bu på mottak i Noreg. Etersom det er blitt lagt ned mange mottak dei siste åra, har Mehdi og fleire andre, måtta flytte på seg regelmessig. I ein rapport av Hauge, Denziou og Støa (2015) vert det fortalt om tilstanden på bustadane som vert brukt til asylmottak. Hauge et al. (2015, s. 15) skriv at forholda er nokså dårlege. I lys av kva som er "normalt" i Noreg, så er bygningane brukt til asylmottak ofte gamle og av lågare standard. Det er opp til kvar enkelt kva ein meiner med god eller dårleg standard, men ut i frå intervjuet med Hana, Abdi og Mehdi så kjem det fram eit klart bilete av at mottaka er for små i tillegg til at dei er dårlege og lite utstyrte.

Abdi: Man er i et rom. Kanskje det er to stykk der, og veldig trangt. Badet, stua og kjøkkenet er det 10 personer som deler. I tillegg blir man flytta veldig mye rundt. Bare på fem-seks år så har de flyttet meg seks ganger, og dette er det syvende mottaket. Så man er en plass, blir flytta og må starte på nytt.

Eit opphald på mottak opptil 10 år vil påverke ein person negativt. Mottaka er ikkje laga for opphald over lengre periodar. Tilboda på mottaka varierer ein god del. For fleire migrantar er kvardagen prega av lediggang og lite aktivitet (St.Meld. Nr. 17 (2000-2001), medan andre får fleire tilbod som norsk opplæring og ulike fysiske aktivitetar.

Hana: Vi må dele et veldig lite rom med noen andre. Visst man vil ha tid for seg selv – om man er syk, vil hvile eller skifte klær så har man ikke privatliv. Så det er tungt å bo sammen med noen i et så lite rom.

Det er fleire årsaker til at asylsøkjjarar bur lenge på mottak. Det er lange saksbehandlingstider og tek tid å bli vidare plassert i ein kommune (St.Meld. Nr.17 (2000-2001). Migrantar som har fått endeleg avslag på søknaden sin, har rett til å bu på mottak og utan andre moglegheiter blir fleire verande der i mange år. Asylsøkjjarar som får avslag på søknaden får tilbod om assistert retur av UDI (UDI, u.å.). Migrantane vil då få hjelp og pengar til å reise til opphavslandet. Dei som ikkje returnerer frivillig, vil bli returnert med tvang.

Tilsett i offentleg instans: Assistert retur er det UDI som har ansvaret for. Alle returer som vi gjør er per definisjon "tvangsretur". Det kan være litt misvisende

siden vi sjelden trenger å bruke tvang. Den korte versjonen på hva som avgjør hvorfor en person blir tvangsreturnert er at i avslagsvedtaket så blir det gitt en utreiseplik med en dato. Dersom de overskrider den datoen vil de da i utgangspunktet bli tvangsreturnert av politiet. Men alle får muligheten til å reise på egenhånd.

UDI meiner at assistert retur vert gjort med verdigheit sidan migrantane sjølv får lov til å planlegge reisa og på den måten har meir kontroll over eigen situasjon (UDI, u.å.). Dei som ikkje forlét Noreg innan utreisedatoen vil dermed opphalde seg i Noreg ulovleg. For å kunne returnere menneske som har fått avslag må politiet ha identiteten til personen som skal verte returnert og Noreg er avhengig av eit godt samarbeid med opphavslandet til denne personen. For Noreg er det viktig at desse personane returnerer då dei har svært få rettar (Politiet, u.å.). Papirlause migrantar som oppheld seg i Noreg vil vere meir sårbare og kan lettare verte rekruttert i eit kriminelt miljø. Ifølgje PU (Politiet, u.å.) si oversikt var det i januar 2022 omlag 1900 personar som oppheldt seg ulovleg i Noreg, og av desse var det omlag 300 personar som har minst ein straffereaksjon. Straffereaksjon tyder å få straff i form av anten bot eller fengsel.

Tilsett i offentlig instans: Som papirløs i Norge så har du begrenset med rettigheter. Det gjør at de blir levende på siden av samfunnet, og det er en del risikoer med det. Visst du er ung i tillegg, så ser vi jo at veien fra papirløs migrant til kriminalitet er en åpenbar risiko.

PU bruker ikkje omgrepet "papirlause" migrantar. På nettsida deira står det som følgjer: "Det er viktig å understreke at personer som selv ønsker og skaffe til veie identitetsdokumenter om seg selv vanligvis kan få utstedt dette av sitt lands myndigheter" (Politiet, u.å.).

Hana: Vi har fått beskjed om å hente pass fra landet vårt, men det er vanskelig fordi man må ha familie i landet. Foreldrene mine har jeg ikke kontakt med, og jeg vet ikke hvem eller hvor de er. Jeg tror de ble deportert fra opphavslandet under krigen. Etter det forsvant de. [...] Jeg snakket med en på ambassaden, og han sa at jeg ikke har familie der. Så sa han at jeg mest sannsynlig er født utenfor ekteskap, altså en løsunge. Det sa han til meg, og det var veldig sårende. Om jeg bare kunne ha fått identitetspapirene mine fra det landet jeg er født i, så hadde det vært lettere. Men det er umulig. Jeg har prøvd å finne foreldrene mine i omtrent 33-34 år.

5.3 Organisasjonar og statlege organ: Innsats for å inkludere

Tilsett i frivillig organisasjon: Det er flere som har bodd på små plasser, og der har de ikke den samme tilgangen. Så om noen deler ut en pose med mat to ganger i måneden, så kan det utgjøre en stor forskjell for dem. Det sier litt om hvor marginalisert de lever.

Den tilsette i den frivillige organisasjonen eg intervjuar, meiner at det er avgjerande kvar ein vert plassert geografisk. Å bu i ein storby kan gi migrantane tilgang på både gratis helsehjelp og økonomiske goder som til dømes matposar som den tilsette nemner. Dette kan altså utgjere ein stor forskjell for økonomien og tilværa deira. Dette er tiltak som kan gjere at migrantane kjenner seg meir inkludert.

Hana: Her som jeg bor nå er folk veldig hjelpsomme. Vi får til og med språkkafé, som er hyggelig.

Språkkafé er eit tilbod for menneske som vil lære seg å snakke og praktisere norsk (Biblioteket, 23.11.23). Dette kan vere ein fin møteplass for både flyktningar og personar frå lokalbefolkninga (Folkehjelp, u.å.). Det finst språkkaféar overalt i Noreg – i både store og små byar. Det vert arrangert på bibliotek, skular eller andre lokale. Sjølv om ein ikkje nødvendigvis finn dei same helsetilboda e.l. som i større byar, er det tydeleg at fleire mindre plassar i Noreg også prøver å inkludere nye tilflyttarar.

Tilsett i frivillige organisasjon: Vi organiserer forskjellige aktiviteter. Piknik, bading – det er veldig populært! Også hadde vi mye utendørsaktiviteter når det var korona da. [...] Det er veldig mye i byen. Veldig mange gode organisasjoner som driver med tiltak rettet mot minoriteter.

Som eit tiltak for å inkludere papirlause migrantar, arrangerer frivillige organisasjonar møter og aktivitetar for denne gruppa. Som framheva av Yuval-Davis (2006) kan dette auke kjensla av tilhørslse for dei papirlause. Slike tiltak kan hjelpe migrantane å sosialisere seg, få venter, informasjon eller råd. Tiltaka hjelper migrantane til å aktivisere seg og til ikkje å tenkje for mykje på situasjonen dei er i, for ei lita stund i alle fall.

Tilsett i frivillig organisasjon: I korona så hadde vi mye samarbeid med kommunen og kontaktpunkter i helseetaten, og politikere. Så jeg opplever god kontakt mellom de frivillige og kommunen. Jeg opplever mye velvilje, forståelse og interesse til helsesenteret. Både i Viken, Vestland og Oslo har det blitt gjort vedtak om å gjøre situasjonen til papirløse bedre. Vinden blåser en annen retning enn før, og vi håper at det får betydning på nasjonalt nivå og en politisk utvikling nasjonalt.

Fleire frivillige organisasjonar i Noreg arrangerer demonstrasjonar for å kjempe for rettane til papirlause migrantar. Slike arrangement vil kunne auke den politiske debatten i samfunnet vårt. Dette kan i sin tur bidra til ei utviding av rettane til papirlause migrantar når det gjeld til dømes sosiale og økonomiske forhold og det å ta imot helsetenester på lik linje med resten av den norske befolkninga. Det er dette som er målet til dei frivillige organisasjonane som eg intervjuar til denne oppgåva.

5.4 Oppsummering

Noreg sin innvandring- og asylpolitikk vil arbeide for å minske talet på asylsøkjjarar som ikkje har behov for beskyttelse. Det er uansett nokre som ikkje kan eller vil returnere til opphavslandet sitt. Med noko støtte frå samfunnet slik som ulike frivillige organisasjonar og enkeltpersonar, kan grepa deira hjelpe med å gjere situasjonen til papirlause migrantar mindre utfordrande i Noreg og å kunne gi håp for framtida. Bevisstheita til det

norske samfunnet vil kunne vere avgjerande for korleis dei papirlause migrantane opplever kvardagslivet sitt. Meir kunnskap vil kunne inkludere migrantane, og dermed skape eit meir rettferdig samfunn. For å kunne oppnå dette må ein også sjå endring i det politiske biletet.

Dei papirlause migrantane som oppheld seg i Noreg kan bu på ordinære mottak. Då kan dei få økonomisk stønad frå staten. Likevel er det fleire utfordringar for dei papirlause som bur i mottak. I mottaka er det trangt; ein må dele bad og dusj, kjøken, stove og soverom med fleire andre som ein ikkje kjenner. Hana, Mehdi og Abdi uttrykkjer at det er tungt å bu i mottak. Dette analysekapittelet viser utfordringane som dei papirlause erfarer i det norske samfunnet samt viktige tiltak som kan hjelpe migrantane i kvardagen. Det inkluderer tiltak som frivillige organisasjonar gjer og kommunar rundt i Noreg.

6. Avgrensingar og håp

Dette kapitlet har som mål å utforske dei erfaringane som papirlause migrantar i Noreg har med å få tilgang til ulike velferdstenester, inkludert helsehjelp, økonomisk stønad og sosial bistand. Ved å kaste lys over korleis dei papirlause opplever hjelpa dei får i Noreg, vil kapitlet gi innsikt i kva for rettar dei faktisk har. Fyrste del av kapitlet vil rette fokuset på kva frivillige organisasjonar og offentlege instansar gjer for å handsame utfordringane som dei papirlause står overfor i kvardagen. Kapitlet vil også formidle erfaringane til dei papirlause. Vidare i kapitlet vil eg undersøkje korleis tilsette i desse statlege organa og organisasjonane opplever møtet med dei papirlause migrantane. I avslutninga av kapitlet vil eg gå djupare inn i kva for hindringar som står i vegen for migrantane. Til slutt i kapitlet vil eg utforske kva migrantane har som tru og håp for framtida. Hindringane vil bli kasta lys over gjennom erfaringane til Hana, Mehdi og Abel. Statusen til dei papirlause migrantane i Noreg er basert på avslag om asyl i Noreg. Som eit resultat av avslag på asylsøknaden lever fleire papirlause på kanten av samfunnet. Dette siste analysekapitlet vil difor svare på følgjande forskings spørsmål:

- *Kva for tenester vert tilbodne av frivillige organisasjonar og offentlege instansar til dei papirlause migrantane i Noreg?*
- *Korleis erfarer migrantane tilboda dei får?*

6.1 Helsehjelp og økonomisk stønad

Alle som bur i Noreg har rett til helsehjelp (Helse Norge, 2022). Dette inkluderer flyktningar og innvandrarar med lovleg opphald i Noreg. Papirlause migrantar har ikkje dei same rettane som alle andre, men har rett på akutt helsehjelp. Eit av dei viktige tiltaka som er gjort for å gi helsehjelp til denne gruppa, er helsesenter for papirlause flyktningar. Helsesenteret er drive av Røde Kors og Kirkens Bymisjon og har lokale både i Bergen og Oslo. Senteret opna i 2009 og er driv på frivilligheit. Her får papirlause migrantar tilbod om gratis helsehjelp. Sidan opninga er det registrert heile 4900 behandlingar (Kirkens Bymisjon, u.å.). På drop-in på helsesentera får migrantane tilbod om konsultasjon med lege, sjukepleiar og psykolog, gynekolog og tannlege (Kirkens Bymisjon, u.å.). Alle personar som oppheld seg i Noreg utan opphaldsløyve har – ut frå menneskerettane - rett på akutt hjelp, men det er ikkje spesielt stor vilje til å gi dei meir enn som dette (Bendixsen, 2015, s. 50 & s. 185). Ansvaret for at papirlause får tilgang til helsetenester ligg hos kommunen og staten, men kva som blir tolka som utløysande for akutt hjelp er opp til legen. Ifølgje Bendixsen (2015, s. 51) fell til dømes hjarteinfarkt, brannskadar av tredje grad og mistanke om svært alvorleg kreftsjukdom innafor som kvalifiserte til "akutt hjelp". Personar som ikkje har opphald i Noreg skal i hovudsak betale eventuelle utgifter for behandling eller medisin sjølv (Bendixsen, 2015, s. 55). Dette gjeld papirlause migrantar og turistar. Med andre ord så har papirlause migrantar rett på helsehjelp dersom dei betalar for det (Larsen, 2009). Eg intervjuar ein tilsett i ein frivillig organisasjon om helsesenteret, der ho fortalte om samarbeidet med andre aktørar om å kunne gi eit helsetilbod til papirlause i Noreg:

Tilsett i frivillig organisasjon: De som kommer til oss er heldige. Her leverer vi ut medisiner til pasientene, fordi vi har et medisinalager her på helsesenteret. Vi har også avtaler med apotek der de sender faktura til oss, og ikke migrantene.

Den tilsette i organisasjonen som eg intervjuar tykkjer at dei papirlause som bur i og rundt Oslo og Bergen der helsesentera ligg, er heldige. Det er fordi dei får meir hjelp enn det som er tilfellet mange andre stader. Papirlause migrantar har etterkvart fått fleire organisasjonar som talar for dei og hjelper dei (Lillevik & Tyldum, 2021, s. 16). Helsesenteret er eit svært godt tilbod for dei som har moglegheita til å få hjelp her. Frivillige organisasjonar som arbeider med papirlause migrantar, ynskjer å hjelpe til med å gi migrantane informasjon om kva dei har rett på når dei oppheld seg i Noreg. Det er likevel stor einigheit hos dei papirlause informantane at det blir gitt lite eller dårleg informasjon om kva for rettar dei faktisk har når det gjeld helse, økonomi og andre tenester. Dette kan knytast opp mot teorien til Bourdieu (1986). Låg sosial kapital vil kunne tyde at ein har mangel på nettverk og får dermed mindre eller dårleg informasjon om kva rettar ein har. Frivillige organisasjonar som arbeider med papirlause migrantar vil hjelpe å gi migrantane å gi informasjon om kva dei har rett på når dei oppheld seg i Noreg. Mangelen på opphaldsløyve og låg kapital vil med andre ord hindre migrantane i å få tilgang til dei få rettane som dei har. Hana fortel at ho kom til Noreg med hjelp av nabodama, som alltid hadde hjulpet ho då ho trengte det. Då Hana kom til Noreg var ho heilt åleine. Ho kunne ikkje snakke korkje engelsk eller norsk, og kjente at ho ikkje fekk tilstrekkeleg med informasjon om kva som skulle skje vidare. I ein rapport frå Helsedirektoratet skriv av Larsen (2009) vert det oppgitt ulike punkt for betring av situasjonen til papirlause i Noreg. Her skriv Larsen (2009, s. 61) at det må utarbeidast eit informasjonssystem som kan bidra til at papirlause migrantar blir kjent med kva rettar dei har, og at all informasjon som vert oppgitt til legar o.l. ikkje vert tatt vidare til politi eller andre myndigheiter.

Hana: Jeg var redd da jeg kom hit, fordi jeg visste ingenting om hva som skulle skje. Jeg hadde ikke hatt noe skole, og jeg fikk jo alltid hjelp av nabodama mi. Jeg fikk ingen informasjon om hvor jeg skulle eller hva som kom til å skje. [...] Helsehjelpen er jo der, men før jeg fikk hjelp av noen så visste jeg ikke hvilke rettigheter jeg hadde her. Vi får ingen informasjon.

I sitatet over skildrar Hana at ho var bekymra då ho kom til Noreg grunna mangel på språkkunnskapar. Ho meiner at mangelen hennar på skulegang, og at nabodama ikkje var der for å hjelpe ho – gjorde at ho ikkje hadde moglegheit til å forstå situasjonen ho var i.

Abel: Gjennom årene så føler jeg ikke jeg har blitt tatt på alvor. Det har økt terskelen for å spør om hjelp. [...] Jeg føler ikke det nytter om jeg spør om hjelp, fordi jeg blir ikke prioritert og jeg blir ikke hørt.

Dei papirlause sin helsetilstand vert i stor grad påverka av den juridiske statusen dei har (Odden, 2018, s. 183). Papirlause migrantar har dårleg helse samanlikna med norske statsborgarar (Ottesen, 2008, s. 10). Helseproblema kan vere til dømes kroniske sjukdomar, smittsame sjukdomar eller andre kvardagslege smerter som hovudverk eller mageknip. For ein norsk borgar hadde det vore lett å gå til legen med eitt av desse problema, men slik er det ikkje for dei papirlause. Fleire venter lenge med å gå til legen då dei veit at det kan få negative konsekvensar for dei anten økonomisk, politisk eller

sosialt. Det er då tilbodet om gratis helsehjelp på helsesenter for papirlause kan vere ei moglegheit. Eit tilbod om gratis helsehjelp kan vere til stor fordel for mange migrantar, om ein bur i ein storby og nært eit helsesenter. Grunna situasjonen som fleire av dei papirlause migrantane er i vil kvardagen ofte vere prega av stress, frykt og søvnmangel (Øien & Sønsterudbråten, 2011). Med tanke på den vanskelege økonomiske situasjonen som fleire av dei også er i vil mange av dei ikkje ha ressursane til å kome seg til eit helsesenter via buss, tog eller andre framkomstmiddel. Minimumsstønaden dei får dekkjer så vidt mat og klede. Dersom ein ikkje er innafor rekkevidda av eit helsesenter må ein sjølv betale for ein pakke med Paracet. Dette kan vere utfordrande for dei papirlause migrantane. Då eg intervjuar ein tilsett i ein frivillig organisasjon påpeikte ho at det kan vere belastande og krevjande for papirlause som ikkje bur i ein storby i Noreg.

Tilsett i organisasjon: Det er flere som har bodd på små plasser, og det er ikke alle plasser de har tilgang på matposer og andre tilbud. Så det at du faktisk får en pose med mat to ganger i måneden, det utgjør en stor forskjell for dem. Det sier litt om hvor marginalisert dem lever. Det var en som sa at han "trengte nye vintersko, fordi han bodde lenger nord i landet". Og da var det sånn at det var ikke noen butikker i nærheten, så da måtte han ha penger til buss.. og penger til sko... så da måtte han drikke te isteden for å spise middag i flere dager.

Den økonomiske situasjonen til dei papirlause er svært kompleks. Sjølv om migrantane som bur på mottak får stønad, så er det ikkje mykje. Det kan også ha mykje å seie med kva som er utgangspunkt for at ein kjem til Noreg, kva mottak ein blir plassert i, om ein kjem med familie eller einsam, om ein har kjenningar i Noreg og liknande. I utgangspunktet har ikkje papirlause migrantar lov til å arbeide utan opphaldsløyve (Ottesen, 2008, s. 11). Det er likevel fleire som jobbar svart for å tene pengar til livsopphald. Her kan migrantane verte utnytta grunna den sårbare situasjonen dei er i. Dei kan bli underbetalte eller ikkje bli handsama godt. Usikkerheita som dei papirlause migrantane har kring sine egne rettar når det gjeld helse og økonomiske tenester er avgjerande. Bendixsen et al. (2015, s. 190) viser til forskning gjort på papirlause migrantar og deira tankar kring helsehjelp i Noreg. Intervjua som vart gjort her viste at migrantane sine tidlegare erfaringar med å bli avvist av helsepersonell avgjorde om dei "trudde" dei hadde rett på helsehjelp eller ikkje. Det var altså ikkje mangelen på kunnskap som var eit problem. Dette kan hjelpe å teikne eit bilete av kor stigmatisert denne gruppa er i samfunnet.

Abel: Siden jeg ikke har papirene, så får jeg ikke jobbe. Visst jeg får jobbe, så kan jeg jo forsørge meg selv. Jeg føler jeg bare er her. Har ikke muligheten til å kjøpe noe jeg har lyst på. Jeg føler jeg blir sett ned på. Jeg har ikke penger til bussbillett, og om jeg får bot... Det bare går ikke. Jeg tenker ofte at " okei, jeg sitter fast, hadde det egentlig bare vært bedre om jeg aldri hadde flyktet?".

Abel kan ikkje forsørge kona eller barnet sitt, og nesten ikkje seg sjølv. Han flykta frå opphavslandet sitt grunna svært vanskelege levekår, men tenkjer nokre gonger at det hadde vore betre å vere i ein farleg situasjon i opphavslandet enn å leve som papirlaus i Noreg. I sitatet over reflekterer Abel over kor utfordrande situasjonen til papirlause migrantar kan vere. Grunna den statusen som migrantane har, kan dei ikkje arbeide. For migrantar utan opphaldsløyve kan dagane utan arbeid bli lange. Dette gjer at migrantane kan utvikle ulike psykiske sjukdomar. Innvandring aukar samfunnet sine

økonomiske, sosiale og kulturelle forskjellar (Lillevik & Tyldum, 2023). Migrantane som bur i mottak må sjølv kjøpe og lage eigen mat, og den økonomiske stønaden som dei får er vurdert ut frå kva status dei har (ref). For migrantar som bur i lengre periodar på mottak er det større sjans for å få psykiske problem.

Tilsett i organisasjon: Flere beskriver møtene våres som hjelp til den mentale biten. Og jeg tenker det er jo nesten litt sånn... Men hvor lite er egentlig det?

Dei papirlause migrantane som kjem på møta som er organisert av organisasjonane, for lengeverande papirlause migrantar i Noreg, meiner at møta kan hjelpe dei papirlause i kvardagen. Den tilsette spør seg sjølv kor lite hjelp dei eigentleg får, og det kan tolkast som at den tilsette meiner at tilboda for papirlause når det gjeld mental helse er manglande. På den andre sida kan møta vere eit positivt tiltak for dei papirlause. Det er ei moglegheit for migrantane til å kunne snakke med andre i same situasjon. Dei kan relatere seg til og diskutere ulike tema, anten det er om saka si eller noko anna dei tykkjer er interessant. Eit slikt tiltak kan hjelpe å betre den mentale helsa til migrantane.

Tilsett i organisasjon: Nå ble basisstøtten økt 1.januar, med 50%. Den var 70kr før så det var litt over 100kr cirka. Det er per dag. Nordmenn har rett på matpenger i en «krisesituasjon», og der er minstesatsen sånn 130kr dagen. Og egentlig er det minste sosialhjelpa på 7700kr i måneden. Så det er nesten ikke mulig å overleve på det.

Den tilsette i denne frivillige organisasjonen meiner at papirlause migrantar som bur på mottak får ein minimal økonomisk stønad, som burde verte auka. Hen forklarar at nordmenn får meir stønad i ein krisesituasjon, og opnar difor opp spørsmål om ei slik stønad eigentleg er mogleg å overleve på. Om ein knyter dette til teorien til Bourdieu (1986) vil manglande økonomisk kapital gjere at migrantane ikkje vil oppnå same goda som menneske i Noreg som har opphaldsløyve. Å vere i ein slik situasjon for eit menneske kan vere utfordrande, og spesielt sidan ein som flyktning allereie er i ein sårbar posisjon. Dei papirlause migrantane som eg har intervjuet er lengeverande i Noreg. Dei har det vanskeleg med å kome seg framover med dårleg sosial og økonomisk kapital.

Hana: Jeg har gitt opp håpet om oppholdstillatelse. Jeg har ingen forhåpninger. Jeg har vært her i 15 år, og de siste årene så har jeg slitt mye med helsa. Det her skal være et land der menneskeretter skal være ivaretatt, og kvinners rettigheter, men jeg føler ikke på det.

Etter fleire år på ulike mottak i Noreg har Hana gitt opp håpet om at ho ein dag skal få opphaldsløyve. Ho slit mykje med helsa, og dette set ein stoppar for eit godt liv i kvardagen.

6.3 Livets avgrensingar og håpet for framtida

Dei papirlause som bur i Noreg er ei lita gruppe, men som alle andre menneske har dei også håp, tru og ynskjer for framtida si. Sjølv om det kan verke håplaust til tider har både Hana, Mehdi og Abel fortalt meg om kva dei vil gjere dersom dei ein gong kan få moglegheita til å få opphaldsløyve i Noreg. Hovudsakleg handlar dette om å forsørge seg sjølv eller familie og vener. Det er avgjerande for ein vaksen person å ha ein jobb der ein kan tene pengar og kjenne at ein er til nytte. I artikkelen til Bendixsen (2015, s. 285) om å vente på opphaldsløyve skildrar ho korleis papirlause fyller ventetida med handling for å skape ei framtid med opphaldsløyve. Ein kan forstå dette som ein type agens. Andre døme på dette er diverse demonstrasjonar, telteirar, helsesenter for papirlause, Mustafa Hasan-saken, Maria Amelie-saken og mange andre. Dette er døme på innsats for å betre vilkåra til papirlause og andre migrantar i Noreg.

Abel: Da jeg forlot datteren min så var hun bare 3 år. Jeg vil klare å forsørge de, og meg selv. Jeg vil gjøre det for hun og min kone [...] Jeg vil ha muligheten til å arbeide og få de hit til Norge.

Abdi har utdanning frå opphavslandet sitt, men vil sannsynlegvis aldri få arbeide som det han er utdanna som og likar å gjere.

Han uttrykte til meg i samtalen vår at religionen er det som hjelper han gjennom dei tunge periodane. Tru på at han snart ser lyset i tunellen, tru på at familien er i live – og at dei ein gong kan kome til Noreg. I intervjuet med Abdi spurde eg om korleis han meistrar kvardagen, og kor han får den indre motivasjonen frå. Abdi svarte kort og enkelt at det religionen som hjelper han å få motivasjon i dei vanskelege periodane.

Abdi: Det er religion. Jeg ber til Gud for å få styrke. Så det er der jeg får all styrken min fra.

Hana, Mehdi og Abdi reflektere og snakkar om sin eigen situasjon på litt ulike måtar, men alle tre uttrykker at dei ynskjer å leve eit heilt vanleg liv med familie og venner og å kunne høyre til ein plass. I lys av teorien til Yuval-Davis (2006) er det viktig for eit menneske å kjenne at dei høyrer til ein plass og å kunne identifisere seg med ei gruppe. Politikken knytt til tilhøyrsløse kan avgjere om ei gruppe kjem inn i varmen eller vert fryst ut i eit samfunn (Yuval-Davis, 2006, s. 213). Ein person frå ei anna gruppe kan vere sett på som ein framand, og er dermed som skummel. Det kan vere av ulike årsaker til dette, som til dømes det at nokon høyrer til ein annan sosiale kategori på grunn av si religiøse overtyding, sin etnisitet eller seksualitet. Teorien om tilhøyrsløse kan hjelpe å teikne eit bilete over kor stigmatiserte liv dei lengeverande papirlause migrantane i Noreg lever.

Mehdi: Det er veldig ensomt. Jeg har en utdanning, men kan ikke bruke den. Jeg bor på mottak, men har ikkje et hjem.

Mottaka som er i Noreg skal vere ein midlertidig bustad for migrantar før dei vert sendt til forskjellige kommunar der dei skal bu. Informantane som eg har intervjuet, som er papirlause, har mottaka blitt deira "heim". Mehdi skildrar det med at det er ein plass å bu, og ingen heim. Å høyre til er å kjenne seg heime, men det gjer verken Hana, Mehdi eller Abdi.

Hana: Jeg vil bare være likeverdig. Jeg vil ha den samme tilgangen som andre. Tilgang til bolig, gå på skole. Jeg vil bare være som det gjennomsnlige mennesket. Og jeg vil føle meg som et menneske som er respektert. Jeg liker å jobbe, og jeg vil jobbe som alle andre – tjene mine egne penger. Jeg er god til å lage mat, så så jeg vil jobbe i restaurant eller kafé, men jeg kan jobbe med hva som helst.

Hana forklarer i sitatet over at det einaste ho vil er å bli handsama som eit likeverdig menneske, med eit vanleg liv der ho kan gå på skule og jobbe for å ha sin eigen bustad.

6.4 Oppsummering

Det siste analysekapittelet har gitt eit overblikk over kva for tenester som papirlause migrantar har tilgang til og ikkje. Dei papirlause migrantane har fortalt meg korleis dei opplever å bli møtt av ulike frivillige organisasjonar i Noreg, og kva tiltak organisasjonane gjer for å inkludere migrantane i samfunnet. For organisasjonane er det viktig å inkludere denne gruppa. Enten det er å gi mat, lære språk eller gi gratis helsehjelp så er dei frivillige organisasjonane dyktige til å finne tiltak som kan hjelpe menneska som høyrer til denne gruppa vidare i livet. Engasjementet som organisasjonane har for gruppa kan gi både motivasjon og styrke til dei papirlause som eigentleg kjenner seg isolerte frå samfunnet. Likevel må Noreg må adressere problemstillingane som papirlause migrantar står ovanfor i det norske samfunnet. Dette er ei usynleg gruppe som, om me ikkje informerer og forskar på, vil fortsette å vere usynlege.

7. Avsluttande refleksjon

Denne oppgåva har hatt som føremål å finne ut korleis kvardagslivet til papirlause migrantar i Noreg vert opplevd av dei sjølv, samt erfaringane frå frivillige ideelle organisasjonar og offentlege instansar som jobbar tett på denne gruppa menneske. Oppgåva har vist kva opplevingar dei papirlause har frå ulike steg i migrasjonsprosessen. Analysekapitla inneberer erfaringar frå flukta og innkost til Noreg, handsaming frå samfunnet og dei papirlause sine avgrensingar og håp. I dette kapittelet vil eg framheve funna frå analysen som er gjort gjennom kvalitative intervju med papirlause migrantar, frivillige organisasjonar og offentlege instansar. Oppgåva si overordna problemstilling har vore som følgande:

Korleis ser byråkrati og frivillige organisasjonar på papirlause migrantar og korleis opplever dei sjølve situasjonen sin?

7.1 Sentrale funn

I analysen av korleis papirlause migrantar har erfart migrasjonsprosessen er det tydeleg at innkosten til Noreg inneberer store omstillingar for dei papirlause. Som vi kan sjå i kapittel ein får dei, i migrantane si meining, lite informasjon om kva som skal skje med livet vidare etter innkost i Noreg. For fleire migrantar er det ei språkleg barriere som også gjer det utfordrande. Dersom migrantane ikkje kan lingua franca vil det difor vere vanskeleg å forstå prosessen av kva som skal skje. Dei papirlause sit difor igjen med kjensla om uvisshet. Migrantane vert fyrst plassert på transittmottak, der dei må inn til eit intervju i tillegg til å få helsesjekk. Etter transittmottak vert dei sendt til ordinære mottak rundt om i Noreg. Dei ordinære mottaka kan vere gamle hus eller bygningar med dårleg miljø, stand og lokasjon. Papirlause migrantar som har fått avslag på asylsøknaden sin, men som ikkje kan returnere til opphavslandet, kan bli verande i ordinære mottak for å få økonomisk stønad frå staten. Om dei flytter frå mottaka vil dei ikkje lenger få økonomisk stønad. Mottaka som migrantane vert sendt til er laga for opphald opp til eit år. Nokre av migrantane vert buande i fleire år. Hana, Mehdi og Abdi har uttrykt brutale kjensler knytt til å leve i mottak og i ein evig limbo. Det vert sett spørsmål ved menneskerettane til papirlause frå fleire av informantane, og dette kan vere ei oppmoding til å undersøkje i kva grad rettane til papirlause vert opprettheldt.

Innvandringspolitikken i Noreg har som eit overordna mål å ha minst mogleg migrantar utan opphaldsløyve i Noreg. Likevel oppheld papirlause migrantar seg på mottak og i private heimar rundt i landet. Dei er ikkje ei stor gruppe, men vert i fleire tilfelle problematisert og sett på som ein trussel for den norske velferdsstaten. Migrantane som bur på mottak og er papirlause har fått avslag på asylsøknaden sin, men av ulike årsaker kan dei ikkje returnere til opphavslandet sitt. Det er desse eg har intervjuet. I lys av Bourdieu (1986) sin teori kan vi sjå på staten i Noreg som ein institusjon med høg kapital. Kapitalen og makta dei har brukar dei for å kontrollere migrantane med låg kapital. Papirlause migrantar med låg kapital får mindre moglegheiter enn andre menneske med opphaldsløyve. Migrantane som oppheld seg i private heimar gjer det av frykt for å bli tvangsreturnert til opphavslandet. Dei papirlause migrantane eg har intervjuet har delt sine egne erfaringar med stega i migrasjonsprosessen som kan opne opp for samtalar om endring knytt til moglegheitene og tilboda deira både sosialt,

økonomisk, kulturelt og helsemessig. Analysen tilseier at papirlause som bur i Noreg har dårlege moglegheiter på alle desse punkta.

Likevel er det fleire frivillige organisasjonar i Noreg som arbeider for å gjere situasjonen til dei papirlause betre. Også kommunalt vert det utført fleire gode tiltak. Tiltaka er retta mot betre helsehjelp, økonomisk stønad i form av busskort, tilgang til ulike sosiale og kulturelle aktivitetar og matposar. Det er uansett tydleg at basisstøtta for papirlause er med på å skape større sosiale ulikheiter i samfunnet.

Politiets utlendingseining og UDI arbeider for å oppretthalde ein effektiv og rettferdig innvandringspolitikk og handsaming av menneske utan opphaldsløyve i Noreg. Politikken har dei siste åra blitt meir restriktive. Dette set ein stoppar for papirlause migrantar, og dei sit difor fast.

7.2 Avgrensingar og vegen vidare

Hana, Mehdi og Abdi er plassert på ulike mottak i Noreg. Dei tre informantane har alle fått avslag på asylsøknaden sin og har difor ikkje opphaldsløyve. Utvalet av informantar har basert seg på kven eg har kome i kontakt med, og kven som ville stille til ein samtale med meg. Rekrutteringa var i stor grad basert på snøballmetoden slik Thagaard (2018) skildrar den. Utvalet av informantar er difor avgrensa. Papirlause migrantar som bur utanfor mottaka er dei usynlege. Det kan difor vere ei avgrensing når det kjem til korleis migrantane opplever kvardagslivet sitt. Som sagt tidlegare representerer ikkje Hana, Mehdi og Abdi alle papirlause migrantar som oppheld seg i Noreg. Det kan vere relevant å forske og sjå på gruppa som ein heilheit. Forsking på heile gruppa vil kunne kaste eit lys over kva behov dei papirlause i Noreg har.

Intervjua som eg har gjort med dei papirlause og frivillige organisasjonar viser korleis dei erfarer hjelpa som migrantane får når det kjem til psykisk helse. Dårlig psykisk helse skapar problematikkar for migrantane både sosialt og økonomisk, og dette må løysast. Situasjonen som dei papirlause migrantane finn seg i gjer dei sårbare og kommunane i Noreg bør utvikle betre tilbod slik at tilgangen for hjelp er tilstrekkeleg. Helsesenter for papirlause i Bergen og Oslo har tilbod om drop-in. Her kan migrantane få time med lege, sjukepleiar, psykologar, gynekologar og tannlegar. For dei papirlause som ikkje bur i rekkevidde for helsesentera er ikkje dette ei moglegheit då mangelen på økonomiske ressursar gjer at dei ikkje kan reise andre stader i Noreg. Den økonomiske, sosiale og kulturelle tilboda som er tilrettelagt for papirlause i Noreg er ikkje gode nok. Dei er med på å oppretthalde sosiale forskjellar. I analysen har det kome fram at både frivillige organisasjonar, offentlege instansar og papirlause migrantar meiner den sistnemnde gruppa ikkje lev eit liv som er verdig.

Innholdsliste

Amnesty. (2009, 12.juni). AmnestyMagasinet 2, 2009: Aktuell MR-Juss: Irregulære migranter har rettigheter i Norge.

<https://amnesty.no/amnestymagasinet-2-2009-aktuell-mr-juss-irregulaere-migranter-har-rettigheter-i-norge>

Baahus, V.B. (2022, 4.januar). Asylmottak. Store Norske Leksikon.

<https://snl.no/asylmottak>

Baahus, V. B. (2021). Schengensamarbeidet. <https://snl.no/Schengensamarbeidet>

Bendixsen, S. (2018). Differentiation of Rights in the Norwegian Welfare State: Hierarchies of Belonging and Humanitarian Exceptionalism. *Social Inclusion*, 6(3), 162-171.

Bendixsen, S., Jacobsen, C.M., & Søvig, K.H. (2015). Eksepsjonell velferd? Irregulære migranter I det norske velferdssamfunnet.

Bendixsen, S. (2015). "Give me the damn papers!" Waiting for permission to stay. *Norsk Antropologisk Tidsskrift*. 26(3-4), 285-303. <https://doi.org/10.18261/ISSN1504-2898-2015-03-04-07>.

Beyer, A., Figenschou, T.U & Thorbjørnsrud. (2014, 27.november). Lav tillit til dekningen av innvandring. *Aftenposten*.

<https://www.aftenposten.no/viten/i/z619/lav-tillit-til-dekningen-av-innvandring>

Biblioteket. (u.å.). Språkkafé.

<https://biblioteket.trondheim.kommune.no/innhold/om-biblioteket/tilbud/sprakkafe/>

Bourdieu, F. (1986). The Forms of Capital. *Handbook of theory and Research of the sociology of education*. pp.15-29.

Brochmann, G. (2022). Innvandring til Skandinavia. Velferdsstater i pluralismens tid. Det norske samfunn. Bind 1. Gyldendal Norsk Forlag

Dahl, Ø. (2019). Diskriminering. NDLA.

<https://ndla.no/nb/subject:1:59a988c6-4020-4e70-8329-4de68a19b6fe/topic:1:6e8ab5dd-224b-4fbe-bfbc-e1c1edccd14d/resource:1:78357>

Davis, N.Y. (2006). Belonging and the politics of belonging. *Patterns of Prejudice*. 197-214. DOI: 10.1080/00313220600769331.

De Nasjonale og forskningsetiske komiteene. (2021, 14.mai). *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap og humaniora*. Forskningsetikk.

FN. (2023, 07.juli). *Flyktningkonvensjonen*. FN-Sambandet.
<https://www.fn.no/om-fn/avtaler/flyktninger/flyktningkonvensjonen>

FN. (2023, 15.juni). *Mennesker på flukt*. FN-Sambandet.
<https://fn.no/tema/flyktninger/mennesker-paa-flukt>

Forskningsetikkloven (2017). Lov om organisering av forskningsetisk arbeid (LOV-2017-04-28-23).
<https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2011-12-16-1251>

Haugen, V. & Vestrheim, A.S (2024, 15.mars). Reagerer på at etiopiere skal tvangsreturneres. *NRK*.
<https://www.nrk.no/norge/sv-reagerer-pa-at-norge-tvangsreturnerer-etiopiere-1.16792015>

Helsedirektoratet. (mai 2009). Migrasjon og helse – utfordringer og utviklingstrekk. (IS-1663).
https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/migrasjon-og-helse-utfordringer-og-utviklingstrekk/migrasjon-og-helse-utfordringer-og-utviklingstrekk.pdf/_attachment/inline/15a61c2e-a811-43ed-b724-3db047892e57:d4b6121d03885b68078106cd79c5b0118574f2e7/migrasjon-og-helse-utfordringer-og-utviklingstrekk.pdf

Helse Norge. (u.å). Helsehjelp til personer uten lovlig opphold. Helse Norge.
<https://www.helsenorge.no/utlendinger-i-norge/helsehjelp-til-personer-uten-lovlig-opphold/>

Kirkens Bymisjon.
<https://kirkensbymisjon.no/helsesenteret-bergen/>

Kirkens Bymisjon

<https://kirkensbymisjon.no/artikler/10-ar-med-helsesenteret-for-papirlose-migranter/>

Kirkens Bymisjon. (u.å). Dette må du vite om papirløse migranter. Kirkens Bymisjon.

<https://kirkensbymisjon.no/helsesenteret/om-papirlose-migranter/>

Lillevik, R. & Tyldum, G. (2021). *Irregulær bistand: En kartlegging av norske storbyers møter med irregulære migranter*. Oslo: Fafo. Program for storbyrettet forskning.

https://www.faf.no/images/pub/2021/Faktaflak_liv_helse_og_sikkerhet_for_irregulaere_migranter.pdf

Lillevik, R. & Tyldum, G. (2021). *Liv, helse og sikkerhet for irregulære migranter*. Oslo: Fafo.

https://www.faf.no/images/pub/2021/Faktaflak_liv_helse_og_sikkerhet_for_irregulaere_migranter.pdf

Meld. St. 8:85 S (2022-2023). Representantforslag om en ny engangsløsning for lengeværende asylsøkere og statløse.

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/representantforslag/2022-2023/dok8-202223-085s.pdf>

Meld. St. Nr. 197. (2000-2001). Innstilling fra kommunalkomiteen om asyl- og flyktningpolitikken i Norge og om forslag fra stortingsrepresentant Odd Einar Dørum om å gjennomgå lover, forskrifter og praksis for å sikre forfulgte kvinner bedre beskyttelse.

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/innstillinger/stortinget/2000-2001/inns-200001-197.pdf>

Noregs offentlege utredninger. (2009). *I velferdsstatens venterom: Mottakstilbudet for asylsøkere*. (2011: 5). Justis- og politidepartementet.

<https://flyktning.net/ressurs/i-velferdsstatens-venterom>

Norsk organisasjon for asylsøkere. (2015, 26.mars). Norges papirløse underklasse.

<https://www.noas.no/norges-papirlose-underklasse/>

Norsk Folkehjelp.

<https://folkehjelp.no/ressursside-for-språkkafe>

Ottesen, S.H. (2008). *Papirløse migranter: En undersøkelse av situasjonen for mennesker uten lovlig opphold i Norge, og humanitære tiltak for denne gruppen i andre europeiske land*. Stiftelsen Kirkens Bymisjon Oslo.

<https://www.dyktige.no/wp-content/uploads/2019/02/Kirkens-bymisjon-Papirløse-migranter-rapport.pdf>

Hauge, Å., Denizou, K., Støa, E. (2015). *Bokkvalitet på norske asylmottak;: Casestudier*. SINTEF Akademisk Forlag.

<https://www.ntnu.no/documents/10310/1269826659/SINTEF+Fag+29.pdf/6f3778b0-d2cb-44f6-8ffe-c9b0f364ded5>

Politiet. (u.å.). Hvordan jobber politet med tvangsretur?.

<https://www.politiet.no/om-politiet/organisasjonen/sarorganene/politiets-utlendingsenhet/hvordan-jobber-politiet-med-tvangsretur/#SPM1>

Husby, I. (2024). Politiets utlendingsenhet. https://snl.no/Politiets_utlendingsenhet

Regjeringen. (2022). Schengen- og justissamarbeid.

<https://www.regjeringen.no/no/tema/europapolitikk/tema-norge-eu/schengen-justis-samarbeid/id684929/>

Regjeringen. (u.å.). Utlendingsdirektoratet (UDI).

<https://www.regjeringen.no/no/dep/jd/org/etater-ogvirksomheter/utlendingsdirektoratet-udi/id85817/>

Regjeringen. (2010). Frivillig å være i ventemottak.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumentarkiv/stoltenberg-ii/jd/taler-og-artikler/2010/frivillig-a-vare-i-ventemottak/id600324/>

Skilbrei, M.L. (2019). *Kvalitative metoder: Planlegging, gjennomføring og etisk refleksjon*. Fagbokforlaget.

Strand, V.B (2018). Strukturell diskriminering. https://snl.no/strukturell_diskriminering

Thagaard, T. (2018). *Systematikk og innlevelse: En innføring i kvalitative metoder* (5.utg). Fagbokforlaget.

Tønnessen, M. (2021). Migrant. Store Norske Leksikon. <https://snl.no/migrant>

Utlendingsdirektoratet. (u.å.). Asylmottak. <https://www.udi.no/asylmottak/>

Utlendingsdirektoratet. (u.å.). Dublin-samarbeidet. <https://www.udi.no/ord-og-begreper/dublin-samarbeidet/>

Utlendingsdirektorater. (u.å.). Hva er assistert retur?. <https://www.udi.no/retur/hva-er-assistert-retur/>

Zhang, L. C. (2008). Developing methods for determining the number of unauthorized foreigners in Norway. *UDI FoU Report, 1*.

Øien, C. & Sønsterudbråten, S. (2011). *No way in, no way out?: A study of living conditions of irregular migrants in Norway*. Oslo: Fafo.

Vedlegg 1

Intervjuguide

Papirlause migrantar: Kvardagslivet i Noreg

- ◇ Fyrst og fremst vil eg takke deg for at du ville stille opp som informant for prosjektet mitt!
 - Har du nokre spørsmål før vi byrjar?
- ◇ Formålet med dette intervjuet er å frå fram dine erfaringar og meiningar om dette emnet.
 - Du vel kva du vil dele, og om du vil eg skal fjerne noko du har sagt så gjer vi det.
 - Informasjonsskriv: Signering – Kan trekke samtykket når du vil.
- ◇ All innhenta data vert anonymisert – Går det fint at eg tek lydopptak?
 - Etter prosjektet er ferdig vil all innhenta data verte sletta, eller ytterlegare anonymisert.
 - Lydopptaket vil verte sikkert lagra.
 - Intervjuet vil ta ca. 30-45 min, men kan avsluttast dersom informanten vil det.

I oppgåva mi vil eg bruke omgrepet «papirlause migrantar», men vil i intervju bruke det som informanten føretrekk og kva dei er komfortabel med. Dette vil eg altså byrje med å spør om.

Spørsmål

Bakgrunnsspørsmål (papirlause migrantar)

Bustad i Noreg

Alder

Oppvekst og migrasjonserfaring

Opphald i Noreg (varigheit)

Utdanning i Noreg eller anna land

- Om du er komfortabel med å dele det: Opphaldsstatus

Opne spørsmål

Har du vore i kontakt med norske myndigheiter – Korleis opplevde du det?

I kva samanheng har du vore i kontakt med myndigheitene?

Har du vore i kontakt med eit helsesenter for papirlause, eller helsevesenet generelt – Fekk du den hjelpa du trengte?

Vanskeleg å bu i Noreg som irregulær migrant, i forhold til andre europeiske land? Kvifor?

Papirlause migrantar og offentlege instansar

På kva område er det mest utfordrande for migrantar utan opphaldsløyve, her i Noreg? Dette kan vere bustad, (psykisk og fysisk) helse, arbeid eller liknande.

Kvifor trur dykk at det er desse områda som er mest utfordrande?

Kva kan grunnane vere til dette, tenker dykk?

Er dette ulikt i dei store norske byane?

Korleis opplever dykk at norske myndigheiter tek vare på og/eller behandlar migrantar utan opphaldsløyve?

Kva arbeid gjer dykk i møtet med migrantar utan opphaldsløyve?

Har dykk ein oversikt over migrantar utan opphaldsløyve i Oslo? Evt veit dykk om denne forskjellen er stor når det gjeld personar som har fått avslag og personar som aldri har søkt om opphald?

Vedlegg 2

Samtykkeskjema

Vil du delta på mitt forskningsprosjekt?

Mål: Innblikk i irregulære migranter sitt hverdagsliv i Norge

- Jeg vil intervju deg, og ta lydopptak
- Intervjuet vil vare i 30.minutter-60.minutter
- Alt du sier vil bli anonymisert
- Om du angrer, eller vil ta noe tilbake så fjerner jeg den informasjonen
- Å delta vil ikke påvirke din status: Jeg har taushetsplikt!
- Det er helt frivillig å delta!

Trenger du tolk? Spør!

Spørsmål om prosjektet? Ta kontakt med:

- Idun Andersson Røynealand (mobil: 47673717) – E-Post: idunar@ntnu.no
- Turid Fånes Sætermo, veileder (mobil: 95777924) – E-Post: turid.satermo@ntnu.no
- Isak Jacobsen, veileder – E-Post: injacob@stud.ntno.no

Samtykker du?

Jeg samtykker til å:

- å delta i *intervju* med lydopptak

Jeg samtykker til at mine opplysninger blir behandlet frem til prosjektet er avsluttet, 15. juni 2024.

-

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

Want to take part in my research project?

Goal: Insight into irregular migrants' everyday life in Norway

- I want to interview you and take audio recording
- The interview will last 30.minutes – 60.minutes
- Everything you say will be anonymized
- If you regret it, or want to take something you said back? I will remove this information.
- To participate in this project will not affect your status: I have a duty of confidentiality
- Participation is completely voluntary!

Do you need translator? Ask!

More questions about the project? Contact:

- Idun Andersson Røynealand (Phone: +47 47673717) – E-Mail: idunar@ntnu.no
- Turid Fånes Sætermo, veileder (Phone: +47 95777924) – E-Mail: turid.satermo@ntnu.no
- Isak Jacobsen, veileder – E-Mail: injacob@stud.ntno.no

Do you consent?

I consent to

- Participate in an *interview with* audio recording

I consent that my information will be processed until the project is finished

15 of June, 2024

(Signed by the participant and todays date)

Vedlegg 3

Samtykkeskjema

Forespørsel om å delta i forskingsprosjektet: *Irregulære migrantar sitt kvardagsliv i Noreg*

Målet med dette studiet er å undersøke korleis irregulære migrantar opplever kvardagslivet sitt i Noreg. Eg ynskjer å snakke med deg fordi du er jobbar i ein organisasjon som jobbar tett på eller med irregulære migrantar.

Kva inneberer det for deg å delta?

- Om du vel å delta i prosjektet, vil det innebere deltaking og intervju i 30-60 minutt
- Det vil bli tatt lydopptak av intervjuet, eventuelt tatt notat
- Informasjonen om deg vil bli anonymisert

Det er frivillig å delta i prosjektet. Om du vel å delta, kan du når som helst trekke deg utan å gi grunn for dette.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker dine opplysningar

Opplysningane om deg vil brukast til formåla fortalt om i dette skrivet. Alle opplysningane vert behandla konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- Dei som vil ha tilgang til informasjonen vil vere meg, Idun Andersson Røyneland og mine to rettleiarar: Turid Fånes Sætermo og Isak Jacobsen.
- Alle personopplysningar vil bli behandla konfidensielt. Lydopptak vil verte oppbevart på ekstern kryptert lagringseinheit. Ditt namn vil bli anonymisert. Dette betyr at det ikkje vil vere mogleg å kjenne igjen verken deltakare i studiet eller tredjepersonar i publikasjonar.

Prosjektet skal etter planen verte avslutta 15. juni 2024. Informasjonen eg har henta vil verte anonymisert etter prosjektet er ferdig.

Studiet er meldt til Sikt

Om du har spørsmål til studiet, ta kontakt med:

- Idun Andersson Røyneland (tlf: 47673717), epost: idunar@ntnu.no
- Rettleiar Turid Fånes Sætermo (tlf: 95777924), epost: turid.satermo@ntnu.no
- Rettleiar Isak Jacobsen (tlf:), epost: injacob@stud.ntnu.no

-

Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjonen om prosjektet *Irregulære migrantar sitt kvardagsliv i Noreg* og har fått anledning til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

å delta i *intervju*

Eg samtykker til at mine opplysningar vert behandla fram til prosjektet er avslutta, 15. juni 2025.

-
(Signert av prosjektdeltakar, dato)

